



DET KONGELEGE
KULTURDEPARTEMENT

Prop. 65 L

(2018–2019)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i stadnamnlova
(organisering av stadnamntenesta m.m.)

Innhald

1	Hovudinnhaldet i proposisjonen	5	4.5	Reglar om skrivemåten	
1.1	Konsultasjon med Sametinget	5		av stadnamn	20
1.2	Høyringa	6	4.5.1	Gjeldande rett	20
			4.5.2	Departementets framlegg	22
2	Bakgrunn for framlegga	8	4.5.3	Synspunkta i høyringsrunden	23
2.1	Innleiing	8	4.5.4	Departementets vurdering	25
			4.6	Kunngjering og høyring	26
3	Om stadnamn	9	4.6.1	Gjeldande rett	26
3.1	Kulturminneverdien til eit stadnamn	9	4.6.2	Departementets framlegg	27
			4.6.3	Synspunkta i høyringsrunden	27
3.2	Internasjonalt arbeid med stadnamn	9	4.6.4	Departementets vurdering	28
			4.7	Stadnamntenesta – organisering...	28
3.3	Internasjonale konvensjonar og nasjonale rammer for å verne og fremje kvensk og samisk	9	4.7.1	Gjeldande rett	28
			4.7.2	Departementets framlegg	29
			4.7.3	Synspunkta i høyringsrunden	30
3.4	Lovrevisjonen 2014–2015	11	4.7.4	Departementets vurdering	31
3.5	Ny forskrift i 2017	11	4.8	Oppgåvene til stadnamntenesta ...	31
3.6	Avgrensa lovforslag i 2017	11	4.8.1	Gjeldande rett	31
3.7	Den praktiske funksjonen til eit stadnamn	12	4.8.2	Departementets framlegg	32
			4.8.3	Synspunkta i høyringsrunden	32
			4.8.4	Departementets vurdering	32
4	Forslag til endringar i stadnamnlova	13	4.9	Klage på avgjerder etter stadnamnlova	33
4.1	Formål og verkeområde	13	4.9.1	Gjeldande rett	33
4.1.1	Gjeldande rett	13	4.9.2	Departementets framlegg	34
4.1.2	Departementets framlegg	13	4.9.3	Synspunkta i høyringsrunden	34
4.1.3	Synspunkta i høyringsrunden	13	4.9.4	Departementets vurdering	35
4.1.4	Departementets vurdering	13	4.10	Gjenopning av stadnamnsaker	36
4.2	Definisjonar – om reinbeitedistrikt	14	4.11	Redaksjonelle endringar	36
4.2.1	Gjeldande rett	14	4.11.1	Gjeldande rett	36
4.2.2	Departementets framlegg	14	4.11.2	Departementets framlegg	36
4.2.3	Synspunkta i høyringsrunden	14	4.11.3	Synspunkta i høyringsrunden	37
4.2.4	Departementets vurdering	14	4.11.4	Departementets vurdering	37
4.3	Val av stadnamn	15			
4.3.1	Gjeldande rett	15	5	Administrative og økonomiske konsekvensar	38
4.3.2	Departementets framlegg	16			
4.3.3	Synspunkta i høyringsrunden	16	6	Merknader til dei enkelte paragrafane	39
4.3.4	Departementets vurdering	17			
4.4	Namnevern	17			
4.4.1	Gjeldande rett	17			
4.4.2	Departementets framlegg	17			
4.4.3	Synspunkta i høyringsrunden	18			
4.4.4	Departementets vurdering	19			
				Forslag til lov om endringar i stadnamnlova (organisering av stadnamntenesta m.m.)	43



DET KONGELEGE
KULTURDEPARTEMENT

Prop. 65 L

(2018–2019)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i stadnamnlova (organisering av stadnamntenesta m.m.)

*Tilråding frå Kulturdepartementet 5. april 2019,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Kulturdepartementet legg med dette fram forslag til endringar i lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn (heretter *stadnamnlova*).

Målet med lovrevisjonen er å stille kommunane friare i avgjerder om stadnamn, både val av stadnamn og vedtak om skrivemåten av dei. Vidare er målet å følgje opp det som står om vern og bruk av samiske stadnamn i NOU 2016: 18 *Hjertespråket – Forslag til lovverk, tiltak og ordningar for samiske språk*.

Hovudinnhaldet i lovframlegget:

- Departementet foreslår at rådgivingsapparatet for norske og kvenske namn etter stadnamnlova blir fullt integrert i Språkrådet og dermed ein del av det samfunnsoppdraget Språkrådet har om å styrkje norsk språk og kvensk språk.
- Departementet foreslår å lovfeste retten kommunen har til å *velje* kva for stadnamn som skal fastsetjast på eit namneobjekt som kommunen vedtek skrivemåten av.
- Det blir opna for noko større variasjon i skrivemåten av eit stadnamn.

- Reglane om namnevern blir vidareførte, men dokumenterbare endringar i lokal namnebruk over tid skal kunne vurderast som *særleg grunn* til å byte ut eitt verneverdig namn med eit anna verneverdig namn utan tradisjon på staden.
- Namn på reinbeitedistrikt skal vedtakast etter reglane i stadnamnlova.
- Klage på manglande bruk eller feilbruk av stadnamn i kommunane, skal rettast til Fylkesmannen.

1.1 Konsultasjon med Sametinget

Departementet har konsultert Sametinget om tiltak i proposisjonen som kan påverke samane direkte, jf. Prosedyrer for konsultasjonar mellom statlege myndigheter og Sametinget. Sametinget har i tillegg fått høve til å gi innspel til arbeidet med proposisjonen. I konsultasjonane har det blitt konstatert semje om omtale og dei tiltaka som direkte eller indirekte følgjer opp NOU 2016: 18 *Hjertespråket* –

Forslag til lovverk, tiltak og ordninger for samiske språk.

1.2 Høyringa

18. oktober 2018 sende Kulturdepartementet på høyring framlegg til endringar i stadnamnlova, med høyringsfrist 14. januar 2019.

Høyringsnotatet vart sendt til følgjande høyringsinstansar:

Departementa

Forsvarets militærgeografiske teneste
Fylkesmennene
Klagenemnda for stadnamnsaker
Meteorologisk institutt
Miljødirektoratet
Namnekonsulenttenestene for norsk/kvensk/
samisk
Nasjonalbiblioteket
Noregs vassdrags- og energidirektorat
NGU – Noregs geologiske undersøking
Norsk kulturråd
Samisk høgskole
Språkrådet
Statens kartverk
Statistisk sentralbyrå
Vegdirektoratet
Universiteta og høgskulane

Sametinget

Kommunane
Fylkeskommunane

By- og regionsforskningsinstituttet NIBR
Halti kvenkultursenter IKS
Kvensk institutt
NRK, Yr-redaksjonen
Posten Noreg AS
Storfjord språksenter
Vadsø museum – Ruija kvenmuseum

Aksjonsgruppa for korrekt bruk av stedsnavn i
Overhalla, Brynjar Mørkved
Bokmålsforbundet
Det Norske Akademi for Språk og Litteratur
Kvenlandsforbundet
Landssamanslutninga av nynorskkommunar
Landslaget for lokalhistorie (samanslutning av historielag)
Namdal Historielag
KS

Navnebeskyttelsen Norge
Nord-Trøndelag Kulturvernråd
Noregs Mållag
Norges Bygdekvinnelag
Norges Bondelag
Norsk Bonde- og Småbrukarlag
Norsk-finsk forbund
Norske Kveners Forbund
Norsk namnelag (NNL)
Norut
Riksmålsforbundet
Samarbeidsnemnda for namnegransking

I høyringa kom det inn 61 høyringssvar. 51 av desse hadde merknader.

Følgjande 10 høyringsinstansar hadde ingen merknader:

Forsvarsdepartementet
Justis- og beredskapsdepartementet
Helse- og omsorgsdepartementet
Klima- og miljødepartementet (støttar Riksantikvaren)
Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Kunnskapsdepartementet
Samferdselsdepartementet

Statens vegvesen
Statistisk sentralbyrå
Utanriksdepartementet

Følgjande 51 instansar uttalar seg om realiteten i forslaget:

Klagenemnda for stadnamnsaker
Nasjonalbiblioteket
Namnekonsulentane for norske og kvenske stadnamn
Politidirektoratet
Riksantikvaren
Statens kartverk
Språkrådet
Universitetet i Bergen

Sametinget

Posten Noreg AS

Askøy kommune
Bamble kommune
Bømlo kommune
Bærum kommune
Drammen kommune
Etnedal kommune
Fredrikstad kommune

Nord-Aurdal kommune	Aksjonsgruppa for korrekt bruk av stedsnavn i
Kristiansand kommune	Overhalla, Brynjar Mørkved
Kåfjord kommune	Bokmålsforbundet
Lavangen kommune	Kvenlandsforbundet
Oslo kommune	Hardanger folkeminnelag
Porsgrunn kommune	Høgnorskringen
Sola kommune	Noregs Mållag
Skodje kommune	Norges Bondelag
Tinn kommune	Norske Kveners Forbund
Trondheim kommune	Norsk namnelag (NNL)
Vang kommune	Toten dialekt- og mållag
Østre Toten kommune	
Øystre Slidre kommune	Arnold Omland
	Håkon Remøy
Hordaland fylkeskommune	Helge Sandøy
Finnmark fylkeskommune	Torfinn Normann Hageland
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Torbjørn Trageton
Kvensk institutt	Hovudsynspunkt frå høyringa blir gått igjennom i proposisjonen her. Høyringssvara er tilgjengelege på regjeringa si nettside: www.regjeringa.no .

2 Bakgrunn for framlegga

2.1 Innleiing

Stortingets kommunalkomit  uttalte i behandlinga av Meld. St. 14 (2014–2015) *Kommunereformen – nye oppgaver til større kommuner*, jf. Innst. S 333 (2014–2015): «Det m  vurderes  kt kommunalt selvstyre innenfor fastsetting av skrivem te og navn innenfor adresse- og skiltprosjekt.»

I svaret fr  d verande kulturminister vart det vist til at departementet var i gang med eit lovarbeid. Eit notat med eit avgrensa endringsforslag vart sendt p  h yring 5. desember 2017. H yringsfristen var 22. januar 2018. H yringsnotatet dr fta spesielt forslag til endringar i reglane om namnevern, som ville stille kommunane friare til   byte ut tradisjonsrike namn (sj  omtale i kap. 3.6 Avgrensa lovforslag i 2017).

Etter h yringa avgjorde regjeringa at det ikkje skulle leggjast fram nokon lovproposisjon for Stortinget v ren 2018. I staden vart det bestemt at det skulle gjerast ein breiare gjennomgang av stadnamnlova og ein ny h yringsrunde. Her ville ein ikkje berre vurdere namnevernet, men ogs  den kompetansen som stat, kommune og fylkeskommune har til   vedta skrivem te av stadnamn.

I tillegg skulle departementet vurdere korleis ein kunne f lgje opp dei forslag til endringar i stadnamnlova som er fremja i NOU 2016:18 *Hjertespr ket – forslag til lovverk, tiltak og ordningar for samiske spr k*.

I denne lovproposisjonen legg Kulturdepartementet fram dei vurderingane og forslaga som er gjorde p  denne bakgrunnen.

3 Om stadnamn

3.1 Kulturminneverdien til eit stadnamn

Formålet med stadnamnlova er etter § 1 «å ta vare på stadnamn som språklege kulturminne, gi dei ei skriftform som er praktisk, og som ikkje skyggjer for meiningsinnhaldet i namnet, og medverke til kjennskap til og aktiv bruk av namna». Stadnamna er ein del av vår felles kulturarv. Dei gir opplysningar om språk, terreng, ferdselsårer, dyreliv, plan-tevekst, militære varslingsystem, kyrkjeleg styring, folkelege gjeremål, ordbruk, arbeid, tenkje-måte og levevis.

I merknadene til § 1 i forarbeida til gjeldande lov, Prop. 105 L (2014–2015) *Endringar i lov om stadnamn (om høvet grunneigarar har til å fastsetje skrivemåte av bruksnamn m.m.)*, står det at det ikkje berre er «det språkhistoriske *innhaldet* i eit namn som er verneverdig, men også sjølve forma namnet har i nedverd lokal uttale».

Stadnamnlova fekk ved lovrevisjonen i 2005 ein ny paragraf, § 3 *Namnevern*. Vernet det her er tale om, er eit vern til støtte for traderinga av namnet. Det vil seie at lova, jf. formålsparagrafen, fremjar aktiv bruk av stadnamna som er i tråd med den tradisjonelle, lokale namngivinga på staden. Intensjonen til lovgivaren var samtidig å hindre at for eksempel eit kommersielt eller historisk interessant stadnamn som *ikkje har* tilknytning til ein bestemt stad eller eit bestemt namneobjekt, fortregngjer den namnetradisjonen som *har* tilknytning til eit bestemt namneobjekt. Det må understrekast at stadnamnlova likevel ikkje skal vere til hinder for samfunnsutvikling og endringar i administrative inndelingar, for eksempel ved kommunesamanslåingar. Når administrative ordningar blir endra, må også bruken av stadnamna endre seg noko.

3.2 Internasjonalt arbeid med stadnamn

Stadnamn er immaterielle kulturminne. Historisk sett er det den materielle delen av kulturarven som har vore omfatta av eit rettsleg vern. Det

gjeld både nasjonalt og internasjonalt. Innanfor UNESCO-systemet fekk den materielle kulturarven ein konvensjon i 1972 med verneføresegner for verdas natur- og kulturarv. Noreg ratifiserte i 2007 UNESCOs konvensjon av 17. oktober 2003 om vern av den immaterielle kulturarven, jf. St.prp. nr. 73 (2005–2006). Stadnamn er ikkje nemnde særskilt i konvensjonen, men i ei utgreiing gjord av Kulturrådet ved implementeringa av konvensjonen, er stadnamna nemnde under det som konvensjonen kallar munnlege tradisjonar og uttrykk. Kulturrådet skriv: «Selv om person- og stedsnavn til en viss grad blir tatt hånd om av egne lover, er de likevel viktige å synliggjøre som immaterielle kulturuttrykk i henhold til konvensjonen.»¹ Ein ratifikasjon av UNESCO-konvensjonen inneber ikkje at Noreg har forplikta seg til eit bestemt nivå for vern av stadnamna. Departementet legg til grunn at forslaga til lovendringar i dette notatet er innanfor rammene av det som følgjer av UNESCO-konvensjonen.

Ein viktig funksjon stadnamna har i offentleg samanheng, er å identifisere eit namneobjekt så eintydig som mogeleg. I FN-organet United Nations Group of Experts on Geographical Names (UNGEGN), der Noreg har vore aktiv i mange år, blir dette følgd opp internasjonalt. FNs mål er å etablere praktiske og eintydige skriftformer. FN tilrår nasjonal standardisering, også der fleire organ gjer vedtak om skrivemåte, slik tilfellet er i Noreg.²

3.3 Internasjonale konvensjonar og nasjonale rammer for å verne og fremje kvensk og samisk

Grunnlova § 108 og dei folkerettslege pliktene overfor samisk språk og kultur ligg til grunn for forvaltninga av samiske stadnamn. Noreg har også plikt til å verne kvenske stadnamn etter den

¹ <https://www.kulturradet.no/documents/10157/a12b2499-0e89-4548-96f5-a63bacf843eb>

² http://ksng.gugik.gov.pl/english/files/UN_resolutions.pdf

europæiske rammekonvensjonen om vern av nasjonale minoritetar. Ved lovrevisjonen i 2005 bad Kommunal- og regionaldepartementet om at stadnamnlova særleg skulle sikre omsynet til samiske og kvenske stadnamn i tråd med nasjonalt lovverk og internasjonale plikter. Dette omsynet vart teke inn i § 1 andre ledd: «Lova skal sikre omsynet til samiske og kvenske stadnamn i samsvar med nasjonalt lovverk og internasjonale avtalar og konvensjonar.»

I rapporten frå Europarådets ekspertkomité frå 2015 om «Norges anvendelse av Minoritets-språkpakten», går det fram at «den juridiske rammen for bruk av samiske, kvenske og finske stedsnavn er den beste praksis som finnes i Europa».³

I NOU 2016: 18 *Hjertespråket – Forslag til lovverk, tiltak og ordninger for samiske språk* er stadnamnlova omtalt som eit effektivt og sentralt tiltak for å sikre og fremje samisk språk og kultur:

«Samiske stedsnavn er en sentral del av samisk kulturarv. Eldre samiske stedsnavn er immaterielle kulturminner. Stedsnavnene inneholder ofte landskapsinformasjon og er kilde til kunnskap om områdene. Samiske stedsnavn er informasjon på samiske språk rettet spesielt til samiskspråklige, men også til andre som oppholder seg i området. Synliggjøring av samiske stedsnavn på kart, i registre og på skilt er derfor av vesentlig betydning både av hensyn til godt kulturvern og i mange tilfeller også av hensyn til samfunnssikkerhet.»

Dei same vurderingane av kva stadnamn betyr som språklege kulturminne, gjeld også norske og kvenske stadnamn. Det er likevel rett å seie at samiske og kvenske stadnamn treng eit særleg vern. Det er ein tilleggsdimensjon ved det å verne samiske og kvenske stadnamn, som ikkje gjeld for norske stadnamn. Norske stadnamn kan kome i posisjon til å fortrenge både samiske og kvenske namn frå område der desse språka har tradisjon.

Kapittel 20 i NOU 2016: 18 *Hjertespråket* gir ein historisk bakgrunn for situasjonen for samiske stadnamn:

«Den historiske fornorskingen av samiske navn var en form for kolonisering. Det var et politisk virkemiddel for å hevde herredømme over nordområdene, og hadde en spesiell rolle i assimileringspolitikken. Myndighetene har

gjennom fornorskingshistorien ofte benyttet ulike midler for å skape norske navn utfra opprinnelige samiske navn. Dette har bidratt til å opprettholde hierarkiet mellom norske og samiske stedsnavn der norske stedsnavn fortsatt i dag blir sett på som de «riktige» navnene sammenliknet med de samiske navnene, som ofte bygger på muntlig tradisjon.»

I arbeidet med utgreinga hadde utvalet i mandat å gjennomgå språkreglane i samelova og føresegner om samisk språk i andre lover. Utvalet hadde i oppdrag å utgreie og eventuelt fremje forslag til endringar i slikt lovverk.

Heilt overordna er stadnamnlova i NOU 2016: 18 *Hjertespråket* omtalt som eit verkemiddel som i nokon mon bøter på fornorskingspolitikken: «Særleg etter at stadnamnlova kom i 1990 har en reintrodusering av samiske stedsnavn blitt en viktig del av språkpolitikken med å få samiske navn i offentlig bruk.»

Som mindretalsspråk blir samisk og kvensk utsett for eit ekstra press. Dei samiske og kvenske stadnamna er mindre kjende blant folk, det er færre som brukar dei, og dei er til ein viss grad også dårlegare dokumenterte enn norske namn. I tillegg er dei samiske og kvenske representantane ofte i mindretal i kommunestyre osv. Samisk og kvensk har kortare tradisjon som skriftspråk. Brukarar av samiske språk er derfor ikkje så sikre på kva rettskrivingsnormer som gjeld. Kvensk fekk ikkje eigen skriftspråkstandard før i 2016. Vanlege folks kunnskap om rettskrivingsnormene i samiske språk og i kvensk er også svakare enn tilsvarende for norsk rettskriving. Som språklov gir derfor stadnamnlova også tilgang til språk og er ein formidlar av rettskrivingsnormer i regionale variasjonar. Slik er stadnamnlova med på å styrkje språkbruken og statusen til samisk og kvensk språk i offentleg bruk. Samstundes formidlar lova immaterielle kulturminne.

Departementet har vurdert forslaga til tiltak som det samiske språkutvalet har kome med i kapittel 20 om stadnamn i NOU 2016: 18 *Hjertespråket*.

Departementets vurdering fell i stor grad saman med dei vurderingane som kom fram i høyringssvara frå Kartverket og Språkrådet.⁴ Vurderinga er at nokre av dei tiltaka som det samiske språkutvalet foreslår, er svært arbeidskrevjande

³ https://www.regjeringen.no/contentassets/2c8f69f165e047809d46708684f71b2a/ministerkomiteens_6_evalueringsrapport_norsk.pdf

⁴ Høyringssvara ligg her: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing-nou-201618-hjertespraket-forslag-til-lovverk-tiltak-og-ordninger-for-samiske-sprak/id2523831/?factbox=horings svar>

eller vanskelege å følgje opp i praksis. Samstundes er Kulturdepartementet samd i analysen språkutvalet gjer av situasjonen for dei samiske stadnamna. Den delen av stadnamnlova som skal sikre at dei samiske stadnamna blir vidareførte i bruk, er ikkje godt nok etterlevd. Derfor er usynleggjinga av dei samiske stadnamna framleis eit problem som må løysast, ifølgje det samiske språkutvalet:

«Utvalget mener en utfordring i arbeidet med samiske stedsnavn ligger i at det er en tendens til at navnemyndighetene vedtar bare norske navn, og ikke benytter muligheten til å fastsette samiske navn eller flerspråklige navn. Utvalget mener dette særlig gjelder der kommunene vedtar nye veinavn, adressenavn eller adresse-tilleggsnavn. Bruken av bare norske stedsnavn er også gjennomgående innen forvaltningsområdet for samisk språk.»

Det kjem fram av utvalsarbeidet at samiske namn som er registrerte og vedtekne, likevel ikkje blir tekne i bruk når skilt blir fornya. Dette skjer sjølv om lova stiller tydelege krav om at samiske namn skal takast i bruk av det offentlege.

3.4 Lovrevisjonen 2014–2015

Som oppfølging av Innst. S. nr. 124 (2008–2009) om representantforslag fra stortingsrepresentantene Øyvind Halleraker og Olemic Thommessen om endring av bruksnavn (eiendomsnavn) uten grunneiers samtykke vart det gjort endringar i § 6 i stadnamnlova, jf. Prop. 105 L (2014–2015), Innst. 323 L (2014–2015) og Lovvedtak 99 (2014–2015).

Endringane tok til å gjelde 1. juli 2015, og dei medførte at grunneigaren fekk rett til å avgjere skrivemåten av bruksnavn (namn på gardsbruk eller annan eigedom). Kartverket er framleis formelt vedtaksorgan i sakene, men dersom grunneigaren kan dokumentere at skrivemåten han ønskjer på eigedomen, har vore i bruk som bruksnavn, skal skrivemåten kunne vedtakast utan vidare. Ein konsekvens av endringa er at det i gjeldande lov er tillate at eit namn på brukseigedom kan få ein skrivemåte som ikkje er i tråd med offisiell rettskriving, dersom grunneigaren ønskjer dette. Det er likevel krav til dokumentasjon på at skrivemåten har vore i offentleg bruk. Samtidig vart det gjort endringar som skal tydeleggjere kva kulturminneverdien til stadnamna er.

3.5 Ny forskrift i 2017

Kulturdepartementet vedtok 23. mai 2017 ny forskrift om stadnamn. Den gamle forskrifta om skrivemåten av stadnamn frå 2007, som hadde ein kompleks struktur, vart samtidig oppheva. Forskrifta frå 2007 inneheldt blant anna ein språkleg rettleiingsdel.

Målet med forskriftsrevisjonen i 2017 var å gjere nødvendige endringar som følgje av lovrevisjonen i 2015, og å stille vedtaksorgana friare i prosessen med å vedta skrivemåte. Hovudgrepet var å ta den språklege rettleiingsdelen ut av forskrifta for å tydeleggjere at desse føringane er retningslinjer, og ikkje direkte påbod. Nye utfyllande skrivereglar vart godkjente 22. oktober 2018, og ligg på nettsidene til Språkrådet.⁵

3.6 Avgrensa lovforslag i 2017

I høyringsnotatet datert 5. desember 2017 viste departementet til at kommunane alt i utgangspunktet har eit vidt sjølvstyre i stadnamnsaker. Kommunane har som hovudregel den endelege kompetansen til å velje stadnamn i sitt område. Dette følgjer av den negativt avgrensa kompetansen til kommunane, som inneber at dei kan gjere kva dei vil, så lenge det ikkje er ulovleg eller oppgåva er lagd til andre. Kompetansen er likevel positivt avgrensa gjennom føresegnene om namnevern i § 3 i stadnamnlova. Desse avgrensingane skal sikre omsynet til å bevare nedervde og tradisjonsrike stadnamn. Endringsforslaget frå departementet innebar at éi av desse avgrensingane skulle fjernast, men berre når det gjaldt norske stadnamn, ikkje kvenske og samiske stadnamn. Slik ville kommunane stå friare til å byte ut eit nedervd stadnamn med eit nytt namn eller med eit anna namn som ikkje har tradisjon på det same namneobjektet.

I og med at endringsforslaget opna for at kommunane kunne byte ut nedervde stadnamn, vart det foreslått ein skjerpa saksbehandlingsregel. Forslaget var at stadnamntenesta skulle gi råd om både namnsetjing, namneskikk og skrivemåte før kommunen gjer vedtak. Grunngevinga for dette var at kommunane ville få eit betre avgjerdsgrunnlag for å gjere vedtak i tråd med formålet i stadnamnlova om å vidareføre nedervde stadnamn i bruk.

⁵ <https://www.sprakradet.no/Sprakarbeid/Stedsnavn/utfyllande-reglar-om-skrivematen-av-norske-stadnamn/>

For å vareta det særlege behovet for vern som samiske og kvenske stadnamn har, var ikkje stadnamn på desse språka omfatta av lovforslaget.

KS og dei fleste kommunane var positive til endringsforslaga. Men forslaget om endringar i føresegnene om namnevern i § 3 i lova møtte sterk motbør frå fagmiljøa.

Innvendingane mot forslaget var at vernet av stadnamn som kulturminne ville bli alvorleg svekt. Vidare meinte fleire høyringsinstansar at forslaget kunne føre til at private, økonomiske interesser i større grad ville få gjennomslag for sine namneønske og dermed fortrenge tradisjonsrike stadnamn til fordel for nydanna namn eller namn utan tradisjon som namn på namneobjektet. Det vart uttrykt uro for om kommunane har tilstrekkeleg kunnskap om det historiske opphavet og utbreiinga til stadnamna til å gjere vedtak i tråd med god namneskikk. Fleire peikte også på at forslaget ville skape eit uheldig skilje mellom samiske og kvenske namn på den eine sida og norske namn på den andre.

3.7 Den praktiske funksjonen til eit stadnamn

Stadnamn har ein sentral praktisk funksjon i offentlege samanhengar, ikkje berre som kulturminne. Behovet for klar og sikker stadfesting av objekt, formasjonar og fenomen inneber at skrivemåten av stadnamn som er i offentleg bruk, er kvalitetssikra og konsistent innanfor og mellom forvaltningsnivå.

Stadnamnlova er med på å leggje stadnamna til rette for samfunnet, slik at dei kan nyttast til praktiske formål, til bruk i eigedomsregister og til namnsetjing på kart. Adressefunksjonen er det viktigaste ved stadnamna. Derfor er det viktig å ta vare på og bruke dei stadnamna som lettar orienteringa. Dersom ein er i Øvre gate, er det lett å orientere seg til Nedre gate. Fiskarkroken ligg truleg ikkje så langt frå Hamnegata, og gruppenamn som Rudsbakken, Rudssaga og Rudsvegen gjer at ein raskt finn fram til garden Rud. God namneskikk, og vidareføring av gamle namn på gateadresser, har derfor også praktiske fordelar ved seg, noko kommunane bør vere bevisste på.

4 Forslag til endringar i stadnamnlova

4.1 Formål og verkeområde

4.1.1 Gjeldande rett

Stadnamnlova § 1 *Formål og verkeområde* regulerer både formålet med lova og verkeområdet og gir dessutan reglar for når lova skal gjelde. I Innst. O. nr. 59 (2004–2005) Innstilling frå familie-, kultur- og adminstrasjonskomiteen om endringar i lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn m.m., går det fram at formålparagrafen fekk eit tillegg i andre ledd om at lova skal sikre omsynet til samiske og kvenske stadnamn i samsvar med nasjonalt lovverk og internasjonale avtaler og konvensjonar. Bakgrunnen for dette var eit ønske om å framheve i formålparagrafen at «samiske og kvenske stadnamn treng eit særleg vern og eit incitament til å ta vare på og nytte desse namna i samsvar med regelverket».¹

4.1.2 Departementets framlegg

Departementet foreslo ei endring i formålparagrafen § 1 andre ledd, slik at det går klart fram at lova også skal sikre omsynet til norske stadnamn på lik linje med samiske og kvenske stadnamn:

«Lova skal sikre omsynet til *norske*, samiske og kvenske stadnamn i samsvar med nasjonalt lovverk og internasjonale avtaler og konvensjonar.»

4.1.3 Synspunkta i høyringsrunden

Av dei 62 høyringssvara som kom inn innan høyringsfristen, var det 19 som hadde merknader til dette framlegget. Alle desse støtta framlegget om ei lovfesting av at norske stadnamn skal ha same vern som samiske og kvenske stadnamn i samsvar med nasjonalt lovverk og internasjonale konvensjonar. Ingen høyringssvar var negative til dette.

Både *Sametinget*, *Språkrådet*, *Kartverket*, *Stadnamntenesta for norske og kvenske stadnamn*

og *Nasjonalbiblioteket* viser til at lova bør behandle dei tre språka likt. *Sametinget* skriv at dei «[...] støtter forslaget om at norske stedsnavn nevnes sammen med samiske og kvenske navn. Det plasserer de tre språkenes kulturminne- og språklige verdi på samme nivå som likeverdige».

Av dei sju kommunane som har uttalt seg om dette punktet, er alle positive til endringsframlegget. *Noregs Mållag* er også udelt positive til forslaget:

«Noregs Mållag set pris på at departementet foreslår at også norske stadnamn skal sikrast i samsvar med nasjonalt lovverk og internasjonale avtaler og konvensjonar. Tidlegare har berre samisk og kvensk vore fanga opp av lovteksten, og det er flott og på høg tid at ein også inkluderer norsk i slike samanhengar.»

4.1.4 Departementets vurdering

Departementet meiner at stadnamnlova i størst mogleg grad bør likebehandle norske, samiske og kvenske stadnamn som immaterielle kulturminne.

Departementet erkjenner at samiske og kvenske stadnamn har eit særleg behov for vern, mellom anna fordi desse språka i internasjonal samanheng er klassifiserte som truga språk. Departementet er også klar over at bevaringa og vidareføringa av norske stadnamn er under press, mellom anna frå kommersielle aktørar som ikkje er bundne av stadnamnlova og/eller ikkje har eit like medvite forhold til lokal namneskikk.

Departementet har på bakgrunn av dette og innspela i høyringsrunden vurdert det slik at det vil vere tenleg å framheve i dette leddet i formålparagrafen at også omsynet til norske stadnamn skal sikrast. Dette er meint for å klargjere det som alt i dag er å rekne som gjeldande rett.

Endringa er samstundes eit uttrykk for at stadnamnlova både er ei *kulturminnelov* og ei *språklov*. Ho skal både verne immateriell kultur og fremje norsk, samisk og kvensk språk i aktiv bruk, jf. stadnamnlova § 1.

¹ Innst. O. nr. 59 (2004–2005), s. 4

4.2 Definisjonar – om reinbeitedistrikt

4.2.1 Gjeldande rett

Reinbeitedistrikta har i dag gjerne namn på både norsk og samisk, i tillegg til eit nummer. Desse namna er i offentleg bruk. Det er reinbeitedistrikta som vel kva namn som skal ha eit vedtak om skrivemåte.

Kartverket har eit oversyn over distriktsgrensar og namn², mange både på samisk og norsk. Men desse namna er likevel ikkje å finne i Sentralt stadnamnregister (SSR) som godkjende/vedtekne namn på reinbeitedistrikt, verken på samisk eller norsk. Ein kan finne eit namn som til dømes *Málesnjárga* godkjent som «Nes i sjø», men ikkje som reinbeitedistrikt.

I NOU 2016: 18 *Hjertespråket* er reinbeitedistrikt omtalte som administrative område som kan kartfestast. Det samiske språkutvalet meinte derfor at reinbeitedistrikt bør kome inn under definisjonen av stadnamn.

Stadnamnlova § 2 definerer m.a. «administrative område som kommunar og sokn, institusjonar og adresser» som stadnamn. Med denne formuleringa kan reinbeitedistrikt allereie vere omfatta av lovverket utan at det seinare i lova går fram kven som har vedtaksretten og kva prosedyre som skal følgjast for namneval.

4.2.2 Departementets framlegg

Departementet foreslo i høyringsnotatet, i tråd med forslaget frå det samiske språkutvalet, å sikre at skrivemåte av namn på reinbeitedistrikt blir behandla etter reglane i stadnamnlova.

Forslaget gjekk ut på å føye til *reinbeitedistrikt* blant døma, slik at opprekninga i definisjonen blir slik: «administrative område som kommunar og sokn, institusjonar, *reinbeitedistrikt* og adresser». På den måten blir reinbeitedistrikt synleggjorde som objekt for namnevedtak, og det sikrar at namn på reinbeitedistrikt blir behandla etter reglane i stadnamnlova.

Kulturdepartementet foreslo å tilføye reinbeitedistrikt til oppramsinga av dei namneobjekta som Kartverket er vedtaksorgan for etter ny § 7 tredje ledd første punktum:

«Statens kartverk vedtek skrivemåten av gardsnamn, bruksnamn, seternamn, naturnamn, *reinbeitedistrikt* og namn på statlege anlegg o.l.

² https://kartverket.no/standard/sosi/html_31/rein/07m_rein.htm

dersom ikkje anna er fastsett i lov eller forskrift.»

4.2.3 Synspunkta i høyringsrunden

Det var ni høyringsinstansar som uttalte seg om framlegget om å ta inn *reinbeitedistrikt* som eksempel på administrative område i paragrafen med definisjonar. Av desse ni hadde tre ingen innendingar eller merknader, medan sju uttalte seg klart positivt til framlegget. Ingen høyringssvar var negative til framlegget. Både *Sametinget*, *Språkrådet*, *Kartverket* og *Nasjonallbiblioteket* meiner at det er viktig at reinbeitedistrikt blir med i paragrafen. *Sametinget* viser til at det har vore eit klart behov for ei klargjering av kven som fattar vedtak om skrivemåten av namn på reinbeitedistrikt:

«Vi er fornøyde med at reinbeitedistrikt nevnes som eksempel i samme oppramsing som andre administrative enheter. Stedsnavnlovens § 2 definerer i nåværende form bl.a. at «administrative område som kommunar og sokn, institusjonar og adresser» er stedsnavn. Med denne formuleringa er allerede reinbeitedistrikt omfattet av lovverket utan at det senere i loven instrueres hvem som er vedtaksmyndighet og hvilken prosedyre man skal følge for navnevalg. Nå er det slik at distriktene allerede har navn, gjerne både på norsk og samisk, i tillegg til et nummer. Disse navnene brukes også av offentlige myndigheter som reindriftsadministrasjonen, landbruksdepartementet og fylkesmannen. Imidlertid er ikke disse navnene å finne i SSR som godkjente/vedtatte navn på reinbeitedistrikt verken på samisk eller norsk. Sametinget er fornøyd med at man nå får på plass det nødvendige verktøyet som muliggjør navnevedtak. Nå kan navnene innlemmes i kartverkets sentrale stedsnavnregister.»

4.2.4 Departementets vurdering

Ved å ta inn *reinbeitedistrikt* som eksempel på eit administrativt område i lova, fjernar ein ein eventuell tvil om at namn på reinbeitedistrikt skal behandlast etter reglane i stadnamnlova. Departementet meiner det er viktig å sikre at namneobjekt som er sentrale i samisk kultur, får vern i stadnamnlova.

Det har heller ikkje kome motførestillingar i høyringsrunden til dette forslaget.

Departementet går derfor vidare med framlegget om å føye til *reinbeitedistrikt* blant døma på

administrative område i § 2 *Definisjonar*. Forslaget om å gjere Kartverket til vedtaksorgan for skrivemåte av namn på reinbeitedistrikt, blir også vidareført. Ettersom det i dag er reinbeitedistrikta som sjølve vel namnet på distriktet, foreslår departementet at dette skal framgå av ny paragraf § 7 *Avgjerder*.

4.3 Val av stadnamn

4.3.1 Gjeldande rett

Tradisjonelle stadnamn har oppstått ved at folk har brukt ei nemning om ein stad i ei viss tid, slik at denne har festna seg som namn på staden. Dei tradisjonelle nedervde stadnamna våre har dermed oppstått spontant, og ikkje som eit resultat av administrative eller politiske vedtak. Det er ikkje slik at innbyggjarane i ei bygd har «valt» eit namn på bygda. Det er snarare slik at namnet er overlevd gjennom generasjonar. Stadnamnlova søkjer å vidareføre lokal namnetradisjon ved val av namn på nye namneobjekt, fordi namna har språkhistorisk og kulturhistorisk verdi for lokalsamfunnet og nasjonen.

I dag kan ein likevel seie at det «blir valt» namn. Adresseringsarbeidet i kommunane, jf. matrikkellova § 21 og matrikkelforskrifta § 51, inneber at kommunane vel eit adressenamn. Matrikkelforskrifta § 51 første ledd fastset mellom anna følgjande: «Kommunen skal tildele alle gater, veger, stier, plasser og områder som blir brukt til offisiell adressering, et navn som er entydig innenfor kommunen. Skrivemåten fastsettes etter reglene i lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn.»

Kommunen kan då velje å byggje på den lokale namnetradisjonen. I forarbeida til matrikkellova § 21 vart det lagt til grunn at «[k]ommunen må ta omsyn til at adresser både praktisk og kulturelt har mykje å seie både for den enkelte og for omverda», jf. Ot.prp. nr. 70 (2004–2005).

I kommunar med kvensk og samisk namnetradisjon skal det brukast namn på desse språka, til dømes namn på gamle slåttemarker, myrar, fiskeplassar og skogteigar. Dette er døme på god namneskikk.

Kommunen kan også velje å lage heilt nye namn på adresser som er nye namneobjekt. Ein kommune kan kalle ei gate som ikkje har hatt namn før, for *Blåbærstien*, sjølv om ho fører til husmannsplassen *Sørtorpet*. Føresegnene i stadnamnlova er ikkje til hinder for dette, sjølv om det er meir i tråd med formålsparagrafen å ta vare på og bruke nedervde stadnamn når ein tildeler adresser. Det er også sikker tradisjon for at kommunen

kan endre til dømes gatenamn når kommunen finn at gode grunnar taler for det.

Dei fleste namneval som stat, kommune og fylkeskommune gjer, følgjer av lov og sedvane. I stadnamnlova er det få direkte tilvisingar til lovgiving om namneval, sjølv om skrivemåten, etter at det aktuelle namnevalet er gjort, skal følgje reglane i stadnamnlova. Det har derfor vore stilt spørsmål om på kva lovgrunnlag kommunane vel namn innanfor kommunegrensene, når dette namnevalet skjer utanom adresseringsarbeidet, jf. matrikkelforskrifta § 51. I Prop. 105 L (2014–2015) *Endringar i lov om stadnamn (om høvet grunneigarar har til å fastsetje skrivemåte av bruksnamn m.m.)* vart lovgrunnlaget for namneval drøfta. Konklusjonen var at «[h]øvet kommunen har til å velje namn i tilfelle som ikkje gjeld adressering, følgjer av den negativt avgrensa kompetansen til kommunen». Proposisjonen siterer frå Meld. St. 12 (2011–2012) *Stat og kommune – styring og samspel* der det blir gjort greie for kommunelova og det kommunale sjølvstyret:

«Det går fram av § 6 at kommunane er eigne rettssubjekt. Dette set skrankar for styringa frå andre instansar og gjev kommunane kompetanse. Kompetansen er i utgangspunktet autonom og gjev kommunane høve til å binde seg sjølv. Det er ikkje gjeve generelle avgrensingar på kommunane sin kompetanse til å binde seg sjølv. Kommunane har som tidlegare nemnt negativt avgrensa kompetanse i Noreg. Det inneber at dei kan gjere kva dei vil så lenge det ikkje er ulovleg eller oppgåva er lagd til andre. Rammene for kva som er lovleg, følgjer både av lovfesta og ulovfesta rett. Dersom kommunen som offentleg myndigheit skal binde andre, må han likevel ha eigen lovheimel for det.»

Etter gjeldande rett er det slik at kommunen har rett til å velje namn på alle tiltak som kommunen har ansvaret for og som treng eit namn. Stadnamnlova viser berre indirekte til at kommunen har denne kompetansen i § 1 *Formål og verkeområde* tredje ledd: «Lova gjeld når organ for stat, fylkeskommune og kommune skal fastsetje stadnamn eller skrivemåten av dei, eller bruke dei i tenesta.»

Valet av stadnamn skjer altså ikkje etter stadnamnlova. Derimot skal skrivemåten av dei valde stadnamna fastsetjast etter stadnamnlova. Dersom kommunen vel eit nytt namn, eller vedtek å bruke eit namn som fortrengr eit namn som har krav på vern, er dette i strid med føresegnene om namnevern i § 3 i stadnamnlova – og kan overprøvast.

Kartverket vel ikkje namn på dei namneobjekta som det i dag vedtek skrivemåten av, jf.

gjeldande § 5 tredje ledd. Kartverket er aldri eigar av eit namneobjekt. Kartverket si oppgåve er å registrere allereie eksisterande informasjon om stadnamn og å vedta skrivemåten av dei, *ikkje* å velje stadnamn. Statens vegvesen eller Kystverket er døme på statsorgan som vel namn på statlege anlegg. Utanom desse statsorganane er det kommunane og fylkeskommunane som i stor grad avgjer kva stadnamn som skal vidareførast i bruk.

I ein evalueringsrapport³ frå 2001 tok ei arbeidsgruppe stilling til eit forslag frå Sarpsborg kommune om at alle reglar frå ulike lovgiving om fastsetjing av stadnamn burde samlast i lov om stadnamn. Arbeidsgruppa meinte det ville få «for vidtrekkende konsekvenser å foreslå flytting av alle reglar vedrørende namnsetting til lov om stadnamn» og gjekk derfor ikkje inn for dette. Likevel oppfatta mange av dei som uttalte seg i høyringa det «[...] som en mangel med lov om stadnamn at den ikke inneholder regler om namnsetting og vern av selve stedsnavna i tillegg til regler om skrivemåten og bruk av stedsnavn». Løysinga vart å innføre reglar om namnevern i § 3.

4.3.2 Departementets framlegg

Fordi det er stilt spørsmål om det lovlege i dei namnevala som kommunane og fylkeskommunane gjer før vedtak om skrivemåten av dei, foreslo departementet at namnevalet av pedagogiske grunnar blir lovfesta i stadnamnlova. Forslaget var ikkje meint å innskrenke kommunane sin kompetanse, men å unngå at det kan stillast spørsmål om det lovlege ved dei namnevala kommunen gjer.

Departementet foreslo å lovfeste sjølve valet av namn i eit tillegg i føresegna om vedtak og andre avgjerder etter lova i ny § 7 *Avgjerder*:

«Kommunen *fastset namn på og vedtek* skrivemåten av offisiell adresse av namn på tettstader, grender, kommunale gater, vegar, torg, bydelar, bustadfelt, anlegg o.l.

Fylkeskommunen *fastset namn på og vedtek* skrivemåten av namn på fylkeskommunale anlegg o.l.»

Vidare foreslo departementet eit nytt punktum i ny § 7 tredje ledd:

«*Statlege organ vel namn på statlege anlegg som Kartverket gjer vedtak om skrivemåten av.*»

³ Rapport om evaluering av lov om stadsnamn: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/evaluering-av-stadnamnlova/id521571/>

4.3.3 Synspunkta i høyringsrunden

Av dei av høyringsinstansane som uttalte seg om dette, støttar dei aller fleste forslaget. *Sametinget* er ein av høyringsinstansane som støttar forslaget:

«Det kan være greit at loven bestemmer hvem som har rett til å bestemme navn på hva. Samtidig gir § 3 instruksjer om navnevern, noe som bør kunne bremse for navnevedtak der navnet inneholder fremmedord på steder der man allerede har et tradisjonsnavn på norsk, samisk og kvensk eller ett av disse tre.»

Kartverket meiner også at ei lovfesting av retten til val av stadnamn er klargjerande:

«Kartverket mener det er en fordel og klargjøring av situasjonen at det i lovteksten blir gitt en hjemmel for at kommunen og fylkeskommunen både skal fastsette navnet og skrivemåten. De foreslåtte redaksjonelle endringene og tilføyelsene synes å være akseptable, da de ikke endrer det materielle innholdet i loven, men kun er ment å presisere nærmere hva den gjeldende rettstilstanden er. Stedsnavnloven gjelder fremdeles i hovedsak kun skrivemåten for stedsnavn og regulerer i utgangspunktet ikke selve navnevalget. Imidlertid vil bestemmelsene i § 3 om navnevern sette begrensingen for de navnevalg som kommunen og fylkeskommunen kan gjøre.»

Språkrådet har innspel om omgrepbruken i paragrafen:

«Namnsetjing er etter vårt syn to prosessar. Den eine er val av namn, og den andre er fastsetjing av skrivemåten. Me tilrår derfor ei endring i ordlyden, der fastsetje blir endra til velje. Vidare foreslår me at sekvensen «av offisiell adresse av namn på tettstader ...» blir skriven om.»

Posten Norge AS påpeikar at dei foreslåtte formuleringane ikkje tek høgd for offentleg eigde selskap som fastset stadnamn:

«På side 10 i høyringsnotatet nevnes det at Statens vegvesen og Kystverket er eksempler på statsorgan som velger navn på statlige anlegg. Det finnes imidlertid flere organ og offentlig eide selskap som fastsetter navn. Eksempelvis har Posten ansvar for å fastsette poststedsnavn. Vi ber derfor departementet vurdere om ord-

lyden i nytt punktum i § 7 tredje ledd bør gjøres mer generell, for eksempel ved å ta inn begrepet «krets» som blant annet favner poststedsnavn.»

Valdreskommunane, som har levert likelydande høyringsssvar, meiner også det er bra at det blir presisert i lova at det er kommunane som vel namn på dei objekta der dei vedtek skrivemåten.

Dei få som ikkje støttar framlegget, meiner at det ikkje er nødvendig. Ingen av høyringsinstansane meinte at framlegget avgrensa den retten som kommunane har i dag til å velje stadnamn.

4.3.4 Departementets vurdering

Departementet merkar seg at høyringsinstansane i hovudsak støttar framlegget om å lovfeste kommunane sin rett til å velje stadnamn, og meiner det er riktig å vidareføre innhaldet i framlegget. Ettersom regelen om namnevern i § 3 avgrensar handlefridomen til kommunen noko, er det viktig at lovteksten ikkje teier om den retten kommunen har til å velje namn.

Departementet er einig med Språkrådet i at det er betre å bruke ordet «velje» i staden for «fastsetje» om retten til å velje stadnamn. Dette vil tydeleggjere forskjellen mellom val av stadnamn og vedtak om skrivemåten av dei.

Dei fleste namna blir fastsette av kommunen, f.eks. vegnamn, men ikkje alle, som f.eks. adresse-tilleggsnamn til gardsbruk. Derfor ser departementet at det er behov for å gjere nokre justeringar i formuleringa i paragrafen, som tydeleggjer dette.

Hovudregelen både etter gjeldande praksis og lovframlegget er at kommunen sjølv vel namn på tettstader.

4.4 Namnevern

4.4.1 Gjeldande rett

Overordna handlar føresegnene i § 3 om å vidareføre så mange namn som råd på den staden dei er knytte til. Namnevernet etter stadnamnlova skal likevel ikkje vere til hinder for nydanning av namn.

Reglane om namnevern i § 3 i stadnamnlova seier ikkje noko direkte om vedtaksrett for val av namn i ulike situasjonar innanfor lova sitt verkeområde, men er meint som ei støtte til formålsparagrafen.

Den retten som kommunen i dag har til å velje namn i tilfelle som ikkje gjeld adressering, følgjer

av den negativt avgrensa kompetansen til kommunen.⁴

Ettersom namnevalet ikkje har vore direkte regulert i lova, har det også vore stilt spørsmål ved om klageretten etter stadnamnlova gjeld når det kan hevdast at kommunen bryt reglane om namnevern i § 3. Ei av endringane som vart gjord ved revisjonen av stadnamnlova i 2014–2015, var å presisere at føresegnene om klage i § 10 gjeld for kommunale vedtak når det er strid om namnevernet som følgjer av § 3. Det vart teke inn eit nytt andre punktum i første ledd i § 10: «Tilsvarande gjeld for vedtak om namnsetjing etter anna lov, dersom vedtaket er i strid med § 3 i lova her.» I forarbeida uttalte departementet at ei slik presisering ville «verke som ei bevisstgjerjing av t.d. kommunane som mogelegvis allereie i reguleringsplanar tek i bruk namn som det seinare kan hevdast er i strid med stadnamnlova § 3 om namnevern», jf. Prop. 105 L (2014–2015) s. 33. Forslaget møtte ikkje motstand i høyringsrunden og vart teke inn i lova.

Føresegna i § 3 seier at eit stadnamn berre kan skiftast med eit anna namn som har tradisjon som namn på det same namneobjektet. Unntak etter § 3 andre ledd andre punktum kan gjerast dersom «særlege grunnar» talar for det.

I Ot.prp. nr. 42 (2004–2005) står det i merkna-dene til § 3 at særlege grunnar til å skifte ut eit nedervd stadnamn kan vere at det er fare for forveksling med namn i nærleiken, at namnet er til byrde for lokalsamfunnet, eller at hendingar på ein stad kan gjere det naturleg å ta i bruk eit nytt namn, til dømes å gi ein stad namn etter ein person som har hatt mykje å seie for lokalsamfunnet. I forarbeida til gjeldande lov er det presisert at «[s]ærlege grunnar bør vurderast forholdsvis strengt», jf. Prop. 105 L (2014–2005) s. 21.

4.4.2 Departementets framlegg

Departementet foreslo ingen endringar i § 3. Hovudregelen om at eit nedervd stadnamn berre kan bytast ut med eit anna namn som har tradisjon som namn på det same namneobjektet, blir derfor vidareført.

Vurderinga er at det er nødvendig at namnevernet blir halde oppe som ein skranke for kva stadnamn som kan veljast eller skiftast ut. I ei tid med kommunesamanslåingar, endringar i busetjingsmønster og ulike utfordringar med å halde oppe statusen til norsk, samisk og kvensk språk

⁴ Retten til å velje namn på adresser følgjer av matrikkellova (sjå kap. 4.3.1).

står dei eldste språklege kulturminna våre i fare for å gå ut av bruk. Desse stadnamna treng eit offentleg vern. Departementet foreslo derfor ikkje å endre reglane om namnevern, men tok til orde for å klargjere kva som kan reknast som «særlege grunnar» etter § 3 andre ledd andre punktum.

Det står i merknaden til § 3 at stadnamnlova ikkje skal vere til hinder for «nydanningar av namn». Derfor meinte departementet i høyringsnotatet at § 3 andre ledd ikkje skal motverke namneskifte som gradvis og over tid har vakse fram lokalt. Slik endring i namnebruken er det også teke høgde for i ordlyden i § 3 andre ledd første punktum.

I høyringsnotatet heitte det at bruken av stadnamn:

«[...] vil kunne endre seg i et lokalmiljø, og det er naturlig at det oppstår såkalte *denotasjonsendringer*, f.eks. at et navn overføres fra ett sted til et annet. Dette er som regel prosesser som har foregått i lang tid, og som kan ha blitt forsterket eller fremskyndet av ytre faktorer, for eksempel at navnet er tatt i bruk som navn på poststedet eller i kommuneplaner. Ikke sjelden ser man da et skille mellom generasjonene, der de eldste på et sted bruker andre navn enn de yngre. Et eksempel her er Geilo som sentrumsnavn for Ustedalen. Både Geilo og Ustedalen er nedarvede stedsnavn med lang tradisjon, og skal i utgangspunktet sikres vern. Litt etter litt har Geilo gått fra å være et gårdsnavn, deretter et stasjonsnavn og deretter et navn på et tettsted.»

Departementet meinte at i dei omtalte sakene som gjeld stadnamna *Overhalla* og *Ranemsletta* i Trøndelag, har det ikkje nødvendigvis dreidd seg om radikale namneskifte, eller eit namnebyte som er gjort med bakgrunn i kommersielle interesser. Det har dreidd seg om namn som etter § 3 andre ledd har eit likeverdige vern. Namnet *Ranemsletta* er i utgangspunktet ikkje meir verneverdig enn *Overhalla*, eller omvendt. Vurderingstemaet i desse sakene har vore kva for eit av desse to stadnamna som skal reknast som det opphavlege namnet på tettstaden, og som etter hovudregelen i § 3 bør vidareførast.

4.4.3 Synspunkta i høyringsrunden

Riksantikvaren merkar seg og er glad for at Kulturdepartementet ikkje foreslår endringar i gjeldande § 3:

«Tradisjonelle stedsnavn er viktige immaterielle kulturminner i seg selv, og utgjør også en betydelig kilde til kulturhistorisk kunnskap som har stor verdi for kulturminneforvaltningen. Det er svært viktig å fastholde at stedsnavnlovens hovedprinsipp og hovedregel må være at tradisjonelle, nedarvede stedsnavn skal videreføres fremfor å erstattes med navn uten geografisk og kulturell tilhørighet til stedet som navngis.»

Språkrådet, Oslo kommune, Norsk namnelag, Nasjonalbiblioteket og Kartverket er døme på høyringsinstansar som uttalar seg på linje med Riksantikvaren. Også mange kommunar uttalar eksplisitt at dei er glade for at § 3 blir vidareført uendra. *Oslo kommune* seier:

«Oslo kommune er fornøyd med at den tidligere foreslåtte endringen av stedsnavnloven § 3 ikke er videreført.»

Sametinget påpeikar eit mogeleg problem med dagens regel i § 3 andre ledd første punktum: «Sametinget ser at lovteksten i andre avsnitt kan åpne for en tolkingsuenighet.» Det Sametinget siktar til, er at det ikkje eintydig går fram av lovteksten her om regelen i § 3 andre ledd gjeld inn- og utfor same språk eller mellom to ulike språk. Ettersom regelen opnar for at ein kan byte ut eit namn med eit anna namn, dersom begge namna har tradisjon på same namneobjekt, er det vesentleg for Sametinget om regelen i praksis opnar for at eit samisk namn med tradisjon på eit namneobjekt kan bytast ut med eit norsk namn med tradisjon på det same namneobjektet. Sametinget foreslår å endre andre ledd slik: «Eit nedervd stadnamn kan berre bytast ut med eit anna namn som har tradisjon som namn *innanfor same språk* på det same namneobjektet.»

Forslaget frå departementet om å klargjere «særlege grunnar» i unntaksregelen i § 3 andre ledd andre punktum, er dei 20 kommunane som har svara på høyringa, positive til. Det er likevel fleire kommunar som understrekar at unntaket bør praktiserast strengt. *Kåfford kommune* skriv at dei:

«[...] følger tanken om at det som betegnes som *denotasjonsendringer* må inngå i vurderinger av «særlige grunner» i § 3 andre ledd andre punktum. Selv om ordlyden i § 3 Namnevern, beholdes er vi likevel urolig for at en endring i vurderingen av «særlige grunner» kan føre til at spesielt samiske og kvenske stedsnavn fortrenges av norskspråklige navn.»

Nord-Aurdal kommune svarar at også norske namn er under press:

«Me har opplevd at økonomiske sponsorar har ønskt å få sitt namn på idrettsanlegg med eit lokalt stadnamn, og næringsbygg har ønskt å gi sitt namn til eit handelsområde som har eit tradisjonelt, innarbeidd namn. Derfor meiner me at paragrafen bør praktiserast strengt også i framtida, slik at nedervde stadnamn har eit sterkt vern. Dersom «særlege grunnar» i framtida blir tolka slik at kommunane står friare til å skifte ut nedervde stadnamn, er det viktig at stadnamntenesta kjem inn med grundig rådgiving før det blir gjort endeleg vedtak. Me er likevel samde i at denotasjonsendringar (t.d. at eit namn blir overført frå éin stad til ein annan) kan vera ein «særleg grunn» til namneendring.»

Trøndelag fylkeskommune peikar på at dersom fylkeskommunane frå 2020 skal få meir ansvar for kulturminnelova, vil det også vere viktig å sikre stadnamna som kulturminne:

«Navnet på et slikt kulturminne er selvsagt ett viktig forhold ved kulturminnet. En endring i navnebruken vil således være vesentlig for forståelsen av det. Slik endring bør derfor ikke gjøres annet enn når det er godt begrunnet.»

Sola kommune og ein del andre kommunar uttalar seg ikkje konkret om § 3 i stadnamnlova eller andre konkrete endringar, men svarar overordna at dei er for mest mogeleg gjennomslag for kommunale ønske.

Når det gjeld framlegget i høyringsnotatet om å innlemme denotasjonsendringar i dei særlege grunnane for å unnta namnebyte frå regelen i § 3 andre ledd, var ikkje Språkrådet avvisande. *Namnekonsulentane for norske og kvenske stadnamn* uttalar at såkalla denotasjonsendringar ikkje er uvanlege: «Det at et stedsnavn får utvidet råderom eller blir brukt om et nytt objekt på samme eller et nærliggende sted (denotasjonsendring, dvs. utviding eller flytting av stedsnavn), er ikke uvanlig.» Namnekonsulentane viser til at opphavlege naturnamn har fått funksjon som gardsnamn, og mange gardsnamn har i sin tur fått ein tilleggsfunksjon som bygdenamn, kommunenam, bynamn o.a. Dei skriv at slike «naturlige navneutvidelser har i de fleste tilfeller dannet grunnlag for administrative inndelingsnavn.»

Språkrådet er «samde i at denotasjonsendringar over tid kan vera døme på særlege grunnar», men påpeikar at termen «denotasjonsendring» kanskje ikkje bør brukast som term i forarbeida, fordi han er vanskeleg å forstå. *Kartverket* er positive til at denotasjonsendringar skal kunne vurderast som særleg grunn til å bruke unntaksregelen i § 3 andre ledd andre punktum. Dei meiner at presiseringa i høyringsnotatet om at denotasjonen skal ha skjedd gradvis og over tid, er ei viktig og formålstenleg presisering:

«Vi vil likevel bemerke at dette skal veies mot viktigheten av å ivareta kulturminneverdien til et stedsnavn, jf. lovens formålsparagraf. Ved vurderingen er det derfor viktig at man er bevisst på at et nytt, moderne og velkjent navn ikke uten videre kan fortrenge et eldre verneverdig navn. Det er derfor viktig at departementet angir nærmere kriterier for hvilke denotasjonsendringer som det skal tas hensyn til.»

4.4.4 Departementets vurdering

Kulturdepartementet meiner at høyringa viser at både kommunar og ulike statlege kulturverninteressar opplever at stadnamna er under press. For norske namn ser det ut til at det særleg er kommersielle interesser som utgjer dette presset, kombinert med rask stadutvikling. For kvenske og samiske namn blir det ytra at det er ein fare for at norske namn fortrengjer desse mindretalspråka, altså at fornorskingsprosessane ikkje er avslutta.

Desse tilbakemeldingane tek Kulturdepartementet på alvor, og står ved avgjerda om at innhaldet i § 3 forblir uendra.

Når det gjeld Sametingets forslag om å tilføye «innanfor same språk» til § 3 andre ledd første punktum, er departementet samde i at dette vil fjerne eventuell tolkingstvil. Eit tekstleg tillegg som det Sametinget foreslår, vil klargjere at lova tillet at eit stadnamn kan bytast ut med eit anna stadnamn, men då eigentleg på to vilkår; 1) at begge namna har tradisjon på same namneobjektet, og 2) at bytet ikkje skjer mellom språk, men innanfor same språket.

I høyringsnotatet frå 2017 om eit avgrensa lovforslag skreiv departementet om samiske og kvenske namn at «[e]t nedarvet samisk navn på et tettsted kan heller ikke byttes ut med et norsk navn med tradisjon på tettstedet».

Departementet vil derfor understreke at lova i dag sikrar at eit samisk namn ikkje kan bytast ut med eit norsk namn som har tradisjon på same namneobjektet. Det betyr også at t.d. eit nordsamisk namn ikkje kan erstattast med eit sørsamisk med tradisjon på same namneobjektet. Vi gjer likevel merksam på at når eit offentleg organ skal *ta i bruk* eit stadnamn, t.d. på skilt, og organet av praktiske grunnar må velje bort eitt eller to namn jf. § 9 i lova, er det i prinsippet ingen av språka som har automatisk rett til å ikkje bli vald bort i praktisk bruk. Departementet skreiv i brev 3. januar 2019 til Sametinget om prioritering av samiske namn:

«På bakgrunn av dette vil det i praktiseringen av stedsnavnloven § 9 andre ledd i gitte tilfeller være vanskelig å unngå å vurdere to samiske språk opp mot hverandre, slik språk faktisk blir vurdert opp mot hverandre i praktiseringen av føringene for når man kan velge bort ett eller to av navnene på kart, skilt og i register. I en slik situasjon må man vurdere lokal navnetradisjon og hvilke kulturminnehensyn som taler for å eventuelt ikke bruke det ene av de vedtatte samiske navnene i en konkret sammenheng.»

Departementet noterer seg at dei fleste høyringsinstansane, på visse vilkår, er forsiktig positive til at «særlege grunnar» i unntaksregelen i § 3 får noko utvida grunnlag.

Unntaksregelen i § 3 andre ledd andre punktum opnar for å vurdere namnebyte også i situasjonar der dei namna som er til vurdering, *ikkje* har tradisjon som namn på same namneobjekt.

Departementet er samd med Kartverket i at det er viktig å vurdere kulturminneomsyn konkret når ein skal vurdere kva for denotasjonsendringar som kan danne grunnlag for å unnta frå namnebyteregele i § 3 andre ledd andre punktum. Departementet vil presisere at for å vurdere ei gradvis endring i lokal namnebruk over tid som *særleg grunn*, må ein stå mellom ulike namn med i utgangspunktet likeverdige krav på vern etter stadnamnlova. Det skal vurderast konkret om eit namn vil gå ut av bruk eller sikrast i bruk ved eit namnebyte. Det skal leggjast vekt på kva kommunen meiner om kva som tener namnevernet lokalt. Dette gir kommunen utvida rom for skjønning i praktiseringa av § 3.

4.5 Reglar om skrivemåten av stadnamn

4.5.1 Gjeldande rett

Å fastsetje skrivemåten er eit verkemiddel for å verne stadnamn. Derfor fastset lova nokre rammer for normeringa. Etter formålet i lova skal resultatet av normeringa vere ei «skriftform som er praktisk, og som ikkje skyggjer for meiningsinnhaldet i namnet», jf. § 1.

Det er gjeldande § 4 i lova som inneheld hovudregelen for fastsetjing av skrivemåten:

«Dersom ikkje anna er fastsett i denne lova, skal det ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk og samisk. For kvenske stadnamn skal skrivemåten følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for kvensk. Skogfinske stadnamn på Austlandet følgjer norske rettskrivingsprinsipp.»

Normering av stadnamn

Normeringa skal ta *utgangspunkt* i nedervd uttale, men når ein fastset skrivemåten, skal denne vere i tråd med rettskrivingsprinsippa i norsk, samisk og kvensk.⁵ Med *rettskrivingsprinsipp* er meint dei allmenne reglane for korleis lydar og lydkombinasjonar i talemålet skal givast att i skrift. Desse rettskrivingsprinsippa ligg også til grunn for den offisielle rettskrivinga av ord i bokmål og nynorsk. Dei fleste stadnamna inneheld vanlege ord, men uttalen og bøyinga av orda varierer i dialektane. Stadnamn som inneheld vanlege ord eller namneledd, skal derfor som hovudregel følgje gjeldande rettskriving. Dersom eitt og same ord har fleire tilatne former i rettskrivinga, skal ein i stadnamnet som hovudregel velje den rettskrivingsforma, uansett målform, som ligg nærmast den nedervde lokale uttalen av namnet.

Som i normeringsspørsmål elles er det fleire omsyn å ta. Desse omsyna er delvis kryssande og

⁵ Ifølgje punkt 3.1.4 i Prop. 105 L (2014–2015) er det mogeleg også å vedta skrivemåtar av namn på eigen eigeidom (bruksnamn) som ikkje følgjer rettskrivingsprinsippa. Etter at lova tok til å verke, har former som ikkje følgjer norske rettskrivingsprinsipp, ikkje vorte vedtekte i noko stort omfang, ifølgje Kartverket. Sidan desse formene heller ikkje er retningsgivande for skrivemåten av andre namneobjekt som fell saman med bruksnamnet (stadnamnlova § 4 andre ledd andre punktum og merknaden til § 6 andre ledd i lova), har dei ikkje fått nemnande innverknad på offentleg normering.

må vegast mot kvarandre. I prinsippet opnar lova for at stadnamn kan få ein skrivemåte med dialekt-nære former, ein skrivemåte på anten nynorsk eller bokmål eller ein skrivemåte som er påverka av tidlegare rettskrivingsnormer. I § 4 andre ledd tredje punktum i lova er det i tillegg opna for at to eller fleire skriftformer av same namnet på det same namneobjektet kan vedtakast som sidestilte – på gitte vilkår.

Forskrift til stadnamnlova av 23. mai 2017 inneheld følgjande formulering i § 3 første ledd tredje punktum: «Har skrivemåten vore lenge i bruk og er vel kjend og innarbeidd, kan ein fråvike gjeldande rettskriving og rettskrivingsprinsipp.» Denne formuleringa stod tidlegare i merknadene til stadnamnlova § 4 i Ot.prp. nr. 42 (2004–2005). Departementet viste her til at dette var ein unntaksregel – som vart praktisert – og at han derfor burde stå i forskrifta, ikkje berre i merknadene. Kartverket og stadnamntenesta har heilt frå lova først tok til å gjelde, lagt seg på ei streng praktisering av denne regelen og har halde fram med det etter at den nye forskrifta vart sett i kraft. Hovudreglane er då heller ikkje endra.

Hovudregelen har heile tida vore at skrivemåten skal følge gjeldande rettskrivingsprinsipp. Ei formulering i forskrifta om at ein kan fråvike gjeldande rettskriving og rettskrivingsprinsipp, kan ikkje uthole det som er ein hovudregel i lova. Forskriftsregelen må derfor forståast som ei unntaksføresegn som skal brukast berre i heilt spesielle tilfelle.

Stadnamnlova gir ikkje detaljerte reglar for kva konkrete skrivemåtar det er råd å vedta. For å sikre at lov- og forskriftstolkingar blir gjorde forsvarleg, høyrer det utfyllande og rettleiande språkreglar til lova. I gjeldande forskrift til stadnamnlova § 14 har Språkrådet fått heimel til å fastsetje utfyllande språkreglar: «Språkrådet kan fastsetje utfyllande språkreglar om korleis norske og kvenske stadnamn skal skrivast. Språkreglane skal godkjennast av Kulturdepartementet.» Departementet fekk hausten 2018 eit forslag til reviderte utfyllande reglar om skrivemåten av *norske* stadnamn frå Språkrådet. Departementet godkjende dei nye reglane hausten 2018.

Nokre av endringane i dei utfyllande språkreglane tilgodeser eit ønske særleg frå kommunane om å bruke noko fleire dialektale ordformer. Eitt døme på ei ordform som etter dei nye retningslinjene er mogeleg å vedta, er den vestlandske endinga i bunden form eintal av sterke hokjønnsord, slik som *skålo* eller *skålå*. Ein slik skrivemåte fråvik prinsippet om å tilpasse uttalen til rettskrivinga, noko som ville ha gitt skrivemåten *skåla*.

Dei utfyllande språkreglane inneber altså at ein opnar for fleire dialekt-nære former.

Departementet ser godkjenninga av dei nye språklege retningslinjene til forskrifta som ei oppfølging av fråsegna frå fleirtalet i Stortingets kommunalkomit  ved behandlinga av Meld. St. 14 (2014–2015) *Kommunereformen – nye oppgaver til større kommuner*, jf. Innst. S 333 (2014–2015): «Det m  vurderes  kt kommunalt selvstyre innenfor fastsetting av skrivem te og navn innenfor adresse- og skiltprosjekt.» At dei spr klege retningslinjene er endra, betyr at praktiseringa av lovverket kjem meir i tr d med kommunane sine  nske om   vedta fleire dialektformer.

I ei tid d  mange dialektar er under press og skriftp verka uttale av stadnamn breier seg, vil det   tillate nokre fleire dialektale former vere i tr d med form let i § 1 om «  ta vare p  stadnamn som *spr klege* kulturminne». Det var denne vurderinga som l g til grunn for at departementet godkjende dei nye utfyllande reglane om skrivem ten av stadnamn. Departementet vil seinare kunne vurdere om nokre av f resegnene i retningslinjene b r f  status som forskrift.

Kommunane  nskjer, oftare enn lova har tillate til no,   vedta ein skrivem te som skil seg fr  rettskrivinga. D me p  slike avvik fr  gjeldande rettskriving er ikkje berre dialektformer, men ogs  skriftp verka namneformer.

I Ot.prp. nr. 42 (2004–2005) skreiv departementet følgjande i merknadene til § 4 i lova:

«Dersom fleire uttaleformer er i bruk, skal ein som hovudregel ta utgangspunkt i den uttaleforma som har lengst tradisjon p  staden. Departementet vil likevel understreke at ogs  skriftp verka namneformer og nyare namneformer er ein del av norsk namnetradisjon. Dersom slike namneformer er i allmenn bruk lokalt og lokalsamfunnet identifiserer seg med dei, m  det leggjast vekt p  dette ved fastsetjing av skrivem ten n r formene ligg innanfor regelverket.»

Samanfallande namn

Dei aller fleste stadnamna i dag er resultat av spontan, folkeleg namnsetjing p  til d mes  krar, fjell og vatn rundt oss. Den mest typiske namnelaginga har g tt f re seg slik at eit ord for ein terengformasjon har vorte til namnet p  ein stad. Fellesnamnet *mo* har vorte til eigennamnet *Mo*. Busetjinga p  eller ved denne moen har s  typisk f tt namnet *Moen*. I faglitteraturen snakkar ein derfor om prim re og sekund re namnelagingar.

Det er i lys av dette vi må forstå § 4 andre ledd første punktum i stadnamnlova:

«Når det same namnet er brukt om ulike namneobjekt på den same staden, skal den skrivemåten som er brukt for det namneobjektet namnet opphavleg vart brukt om, som hovudregel vere retningsgivande for skrivemåten for dei andre namneobjekta.»

Då denne regelen vart innført ved lovendringa i 2005, var det ingen som hadde innvendingar mot han, jf. Ot.prp. nr. 42 punkt 6.2. Grunnen var at regelen vart sett på som forenklande for behandling av «like saker» – ut frå ein logikk om at språkleg heilt samanfallande namn, brukt i same geografiske område, prinsipielt sett er det same namnet, og at saksbehandlinga bør fremje lik behandling av dette namnet i fleire funksjonar. I ei evaluering av stadnamnlova⁶ går effektiviserings- og forenklingstankegangen tydeleg fram:

«Gruppa foreslår forenklinger på flere punkter. Det foreslås bl.a. at primærfunksjonen som hovedregel skal være bestemmende når et navn blir brukt i ulike funksjoner, at Statens kartverk skal være vedtaksorgan for fastsetting av skrivemåte i all statlig sammenheng (unntatt for navn som får fastsatt skrivemåte av Kongen, Stortinget eller et departement), og at ansvaret for samordning av saksbehandlingen skal ligge hos vedtaksorganet.»

Eit ekstra argument for regelen er at den også bidreg til at namneverket blir einskapleg. Det er upraktisk og kan verke som uoversiktleg om ei grend og eit bruk med same namn har ulik skrivemåte på eitt og same kart.

Kartverket har kompetansen til å vedta skrivemåten av gardsnamn, bruksnamn, seternamn, naturnamn og namn på statlege anlegg, jf. § 5 tredje ledd. Gardsnamn, bruksnamn, seternamn og naturnamn kan alle vere døme på namn på primære namnedanningar, og desse namnetypane er så gamle, og ein del av lokal språkkultur, at det ikkje er tale om at nokon i dag har «valt» namnet.

I praksis betyr regelen at når Kartverket skal vedta skrivemåten av gards- og bruksnamn som opphavleg har vore naturnamn, må dei sjå til det vedtaket om skrivemåte som er gjort for naturnamnet. I nokre tilfelle må då skrivemåten av naturnam-

net vedtakast før ein kan fastsetje skrivemåten av gardsnamnet og bruksnamnet. Gardsnamn er blant dei eldste stadnamna våre og er ofte primære namnedanningar. Skrivemåten av eit gardsnamn vil derfor vere retningsgivande for skrivemåten av bruksnamn, som i mange tilfelle er nyare enn gardsnamna. Dei har derfor ofte det ein med eit fagord kallar *sekundær funksjon*. Statlege anlegg får anten eit nytt namn, eller dei blir oppkalla etter opphavlege namneobjekt i området der anlegget ligg.⁷ Dei har alltid sekundær funksjon dersom dei er oppkalla etter eksisterande namn.

Med heimel i gjeldande § 5 andre ledd har kommunen og fylkeskommunen kompetanse til å gjere vedtak om skrivemåte av offisielle adresse- og av namn på tettstader, grender, kommunale gater, vegar, torg, bustadfelt og liknande. Fylkeskommunen vedtek skrivemåten av namn på fylkeskommunale anlegg. Fordelinga av vedtakskompetansen for skrivemåte er slik at kommunane, med unntak av grendenamn og tettstadnamn, berre vedtek skrivemåten av namn på sekundære namneobjekt. Slik kompetansen til å vedta skrivemåte av stadnamn er fordelt i dag, vil eit vedtak som Kartverket har gjort, til dømes om skrivemåte for eit gardsnamn, typisk vere retningsgivande for kommunens vedtak om eit adressenamnet der gardsnamnet inngår som ledd i ei samansetting. Dersom Kartverket har vedteke skrivemåten *Gultvet* for gardsnamnet (namnet på matrikkelgarden), vil skrivemåten på eit adressenamnet med tillegget *-veien* etter hovudregelen bli skriva *Gultvetveien*. Dette gjeld sjølv om grunneigarane har nytta seg av retten til å fastsetje ein annan skrivemåte, til dømes *Gultvedt*, på eitt eller fleire bruksnummer under dette gardsnummeret.

4.5.2 Departementets framlegg

For å gi kommunane større reell innverknad på fastsetjing av skrivemåte foreslo departementet å flytte setninga «Har skrivemåten vore lenge i bruk og er vel kjend og innarbeidd, kan ein fråvike gjeldande rettskriving og rettskrivingsprinsipp», frå forskrift til stadnamnlova av 23. mai 2017 § 3 første ledd tredje punktum, til paragrafen om reglar om skrivemåten av stadnamn i stadnamnlova. Framlegget var meint å gi eit signal om at regelen skal vurderast oftare enn før, men at han framleis er ein unntaksregel.

⁶ Rapport om evaluering av lov om stadsnamn: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/evaluering-av-stadnamnlova/id521571/>

⁷ Kartverket har ikkje, som kommunen, kompetanse til å velje namn på dei namneobjekta Kartverket vedtek skrivemåten for. Det er til dømes Kystverket eller Statens vegvesen som vel namnet.

Departementet la også fram eit alternativt forslag til endringar i gjeldande § 4 andre ledd første punktum:

«Når statleg eller fylkeskommunalt organ fastset skrivemåten og det same namnet er brukt om ulike namneobjekt på den same staden, skal den skrivemåten som er brukt for det namneobjektet namnet opphavleg vart brukt om, som hovudregel vere retningsgivande for skrivemåten for dei andre namneobjekta.»

Kommunane ville etter dette forslaget ikkje ha plikt til å vedta skrivemåtar som er avleidde av skrivemåten til namnet på det opphavlege namneobjektet.

4.5.3 Synspunkta i høyringsrunden

Det var 23 høyringssvar som inneheldt merknader til framlegget om å flytte setninga «Har skrivemåten vore lenge i bruk og er vel kjend og innarbeidd, kan ein fråvike gjeldande rettskriving og rettskrivingsprinsipp» frå forskrifta til lova. Av desse er det ti som støttar framlegget, medan elleve er klart negative. Kommunane som nemnde framlegget særskilt, var gjennomgåande positive til framlegget. Vidare kan ein leggje til grunn at dei kommunane som støttar heile lovframlegget, utan å omtale akkurat dette forslaget, ikkje har innvendingar mot det.

Synspunkta frå dei statlege verksemdene er delte i spørsmålet om formuleringa «Har skrivemåten vore lenge i bruk og er vel kjend og innarbeidd, kan ein fråvike gjeldande rettskriving og rettskrivingsprinsipp», bør flyttast frå forskrift til lov. Dei som er negative til dette, understrekar at unntaket bør praktiserast strengt. *Språkrådet* ønskjer ikkje at formuleringa blir flytta:

«Prinsipielt meiner Språkrådet at denne unntaksregelen bør praktiserast relativt strengt. For det første vil den føreslåtte endringa kunna føra til at ei rekkje namnesaker som er reist etter reglane i stadnamnlova, kan takast opp på nytt. For det andre er det særskilt vanskeleg å komma fram til konkrete kriterium for når denne unntaksregelen skal brukast, noko som kan føra til ulik praksis. Avgjerder i stadnamnsaker vil i mange tilfelle byggja på skjønn, der motstridande ønske og omsyn må vegast mot kvarandre i ei heilskapleg vurdering. Å balansera mellom uttale og rettskriving i hovudregelen er ei krevjande øving i seg sjølv, og det vil ikkje bli lettare å oppfylle formålet i lova dersom eldre skriftfesting skal tilleggjast endå meir vekt enn i dag.»

«Uavhengig av om unntaksregelen blir verande i forskrifta eller blir løfta til sjølv lovteksten, er Språkrådet positivt til at departementet utdjuvar nærmare i forarbeida kva vurderingar som skal gjerast for at unntaksregelen kan praktiserast.»

Vidare viser *Språkrådet* til at unntaksregelen har vore lite brukt i klagesaker om skrivemåten av stadnamn:

«Ein gjennomgang av klagenemndas behandling av saker knytte til skrivemåten av bruksnamn i perioden 1992 til 2008, viser at unntaksregelen sjeldan blei tatt i bruk i klagesakene i denne studien. I dei få tilfella der klagenemnda tok i bruk unntaksregelen, dreidde det seg først og fremst om saker som inneheld unormerte, utdøydd eller usikre namneledd. Døme frå dette materialet var klagesak 58/2001 Mjølva og 50/1997 Teskja, der klagenemnda omgjorde Kartverkets vedtak til høvesvis Mjølva og Tor ske – begge skrivemåtar i tråd med det lokale ønsket. Generelt kan me seia at denne typen namn oftast har ein særskilt lang skriftradisjon, og ikkje sjeldan dreier det seg om namn på større eller kjende lokalitetar. Me legg til grunn at det med «vel innarbeidd» skrivemåte er meint ein sterkt dominerande eller einerådande skriftradisjon i offentleg samanheng som òg er godt kjent i lokalmiljøet.»

Kartverket er ikkje negative til departementets framlegg, men meiner det er viktig med klare kriterium for korleis unntaket skal tolkast:

«Kartverket oppfatter det slik at hensikten med lovendringen er å gi kommunene større reell innvirkning på fastsetting av skrivemåte. Rent lovt teknisk er det ryddig og oversiktlig at bestemmelsen fremgår av loven. Det kan også være hensiktsmessig å flytte bestemmelsen fra forskrift til lov dersom en slik lovendring fører til økt bevissthet om bestemmelsen og større klarhet i når unntaket kan komme til anvendelse. Materielt sett kan vi imidlertid ikke se at en slik flytting av en ellers uendret bestemmelse vil eller skal tilsi en praksisendring. En forutsetning for praksisendringer, dersom man ikke endrer bestemmelsens kriterier, vil i så fall være at det gis (klare) føringer for hvilke endringer som ønskes i forarbeidene og eventuelt i den etterfølgende forskriften. En skal være klar over at det i enkelte saker er ulike syn også lokalt på hva som er riktig skrivemåte,

og at det i slike saker er hensiktsmessig at kriteriene for eventuelle unntak fra hovedregelen er klare.»

Av fagmiljø, interesseorganisasjonar og mållag som har uttalt seg om dette framlegget, er det ei klar overvekt som ikkje støttar det. Hovudargumentet mot framlegget er at dersom unntaket blir praktisert i større grad enn i dag, vil «danske» skrivemåtar kunne fortrenge dei opphavleg norske skrivemåtane. Mellom andre *Norsk namnelag* viser til dette:

«Namnelaget meiner at omsynet til kjende og innarbeidde skrivemåtar blir godt teke vare på ved å ha regelen i forskrifta. Vi fryktar at dersom denne setninga blir teken inn i lova, vil det bli sett på som eit signal om at det er fritt fram for «unorske» skrivemåtar og såleis svekke stadnamn som kulturminne.»

Fråsegna frå *Hardanger folkeminnelag* er også eit eksempel på at mållaga er negative til framlegget av same grunn:

«Hardanger folkeminnelag går imot framlegga til endringar av § 4 i lov om stadnamn. Vi ser ingen fordelar med at skrivemåten av norske stadnamn i større grad skal fråvika gjeldande rettskriving eller norske rettskrivingsprinsipp. I Noreg er det etter kvart lang tradisjon for å normera norske stadnamn etter norsk rettskriving, og det er naturleg når vi har norsk som skriftspråk elles. Dersom ein løyser opp normene for normering, vil det gjera stadnamnverket meir vanskeleg å bruka, og det vil undergrava den norske skrifttradisjonen på dette feltet.»

Når det gjeld forslaget om at kommunane ikkje lenger skal ha plikt til å vedta skrivemåtar som er avleidde av skrivemåten til namnet på det opphavlege namneobjektet, er høyringssvara delte. Dei 20 kommunane som har uttalt seg, støttar dette forslaget. I dei tilfella der kommunane har grunnleggjande støtte til forslaget, er årsaken til støtta gjennomgåande at dette alternativet gir kommunane større innverknad i stadnamnsaker.

Nord-Aurdal kommune støttar forslaget, men viser til at det også kan ha negative konsekvensar:

«Me ser likevel at ei slik overlating av fullmakt til kommunane har to sider. Det er nemleg to grupper som ønskjer lokalt herredømme over skrivemåten av lokale namn. For det fyrste har me dei som ønskjer at lokale stadnamn skal

skrivast på ein talemålsnær måte, slik at desse uttaleformene ikkje blir borte. Fordi folk blir sterkt påverka av skriftbilete, kan talemålsnære former fort bli borte når stadnamn blir normaliserte. For det andre har me dei som meiner at måten gardsnamn er skrivne på i gamle dokument og kyrkjebøker, er den «opp-havlege». Dersom kommunane har lite kunnskap om stadnamn, kan dei fort la seg påverke av den slags argument. Det kan føre til at lokale uttaleformer blir borte.»

Oslo kommune skriv at dei ikkje er «kjent med at det har vært utfordringer knyttet til bestemmelsen slik den er i dag, men har ingen innvendinger til endringsforslaget.»

Det er tre fylkeskommunar som har uttalt seg om forslaga til endringar i stadnamnlova. Av desse er det berre *Hordaland fylkeskommune* som støttar dette forslaget, medan *Finnmark fylkeskommune* og *Sogn og Fjordane fylkeskommune* er negative.

Dei statlege verksemdene, fagmiljøa og nesten alle mållaga og interesseorganisasjonane er gjennomgåande negative til dette forslaget, og dei fleste åtvarar sterkt mot ei slik lovendring.

Sametinget, Språkrådet, Nasjonalbiblioteket, Kartverket, Klagenemnda for stadnamnsaker og namnekonsulentane for norske og kvenske stadnamn er blant dei som viser til dei negative konsekvensane dersom forslaget blir vedteke. *Sametinget* viser til at forslaget kan slå særleg uheldig ut for samiske stadnamn på namneobjekt:

«Dagens nordsamiske rettskriving er fra 1979, lulesamisk rettskriving er fra 1984 og sørsamisk rettskriving er fra 1974. De samiske språkene har altså ingen lang tradisjon som folkets eie i skrift og opplæring. Derfor har heller ikke skriftlig bruk og rettskriving festet seg på en slik måte som språk med lang opplæringstradisjon har. Det hersker fortsatt stor usikkerhet om rettskriving i en stor del av den samiske befolkninga. Blant dem som snakker samisk som morsmål (førstespråk), har mange aldri fått opplæring i skriftlig samisk. I tillegg er en stor del av den samiske befolkninga i en opplæringssituasjon for å revitalisere foreldrespråket.»

Konklusjonen til Sametinget er at dei samiske språka har så svakt skriftleg fotfeste, at det vil få uheldige verknader dersom det blir opna for at eitt og same namn innanfor same geografiske område, kan ha ulik skrivemåte. Dei seier dessu-

tan at «[b]ehovet for dialekttilpasninger er allerede ivaretatt».

Språkrådet går sterkt i mot forslaget og uttaler:

«Dette framlegget går vi sterkt imot. Språkrådet meiner at det i utgangspunktet er særskildt uheldig at namn som språkleg og geografisk fell saman, har ulike skrivemåtar. Dette undergrevar den viktigaste funksjonen namna har, nemleg som adresser som peiker ut éin bestemt stad i landskapet. Alternativ 2 vil bidra til å svekkja namna som kommunikasjonsmiddel ved å tillata at (endå) fleire skrivemåtar av same namn i ulike funksjonar blir autoriserte. Konsekvensen er at det i mange høve vil bli fleire lag av skrivemåtar. Me meiner dette framlegget er i strid med formålet til lova, som mellom anna skal gi namna ein skrivemåte som er «praktisk», jf. § 1 første ledd. Òg i eit tryggleik- og beredskapsperspektiv vil det vera særskildt uheldig med to eller fleire skrivemåtar av det same namnet.»

Klagenemnda for stedsnavnsaker viser også til konsekvensane for namneverket:

«Nemnda vil sterkt advare mot dette endringsforslaget. En slik regel vil kunne føre til et uoversiktlig og inkonsekvent navneverk, ved at samme navn vil kunne få forskjellig skrivemåte i forskjellige funksjoner. Det vil stride mot et av stedsnavnlovens grunnleggende hensyn.»

Kartverket frårår på det sterkaste at departementet går vidare med dette forslaget:

«Slik systemet fungerer i dag, bidrar vedtaket i primærfunksjonen og regelen i gjeldende § 4 andre ledd til at navneverket blir enhetlig. Den foreslåtte endringen vil som sagt innebære at kommunene i forbindelse med vedtak om skrivemåten ikke er bundet av det som følger av vedtatt primærfunksjon. Dette vil ha som konsekvens at navneverket ikke vil bli enhetlig. Det vil således fremstå som uoversiktlig og upraktisk om skrivemåten på forskjellige navneobjekter på det samme stedet skrives forskjellig, for eksempel at en grend og en gård med samme navn skrives ulikt på ett og samme kart. Dette kan i tillegg skape betydelige problemer for utrykningskjøretøy, beredskap o.l. Kartverket er vidare av den oppfatning at alternativ 2 undergraver lovens formålsparagraf om å ta vare på stedsnavn som språklige kulturminner ved at kommunen i sin fastsettelse av skrivemåten ikke er bundet av primærfunksjonen.»

Politidirektoratet viser ikkje direkte til dei enkelte endringsforslaga i høyringsnotatet frå departementet, men understrekar kor viktig det er at det blir fastsett skrivemåtar av stadnamn som ikkje er til hinder for rask uttrykking:

«Stedsnavn kan være et godt bidrag til å understøtte politiet, og andre nødetater, for at de raskest mulig kan finne riktig adresse. Dette vil særlig gjelde i situasjoner der politiet må komme raskt frem for å beskytte person, eiendom og fellesgoder og verne om all lovlig virksomhet. Politidirektoratet vil også minne om betydningen av at kommunen fortløpende vurderer endring dersom det skulle være stedsnavn som kan oppfattes forskjellig eller det er like stedsnavn i kommunen. I en hektisk situasjon kan uheldige misforståelser og forvekslinger om stedsnavn/vegnavn medføre at verdifulle minutter går tapt på grunn av uklare kjørebeskrivelse.»

4.5.4 Departementets vurdering

Departementet merkar seg at fleire av dei statlege verksemdene, mållaga og interesseorganisasjonane er negative til forslaget om å flytte setninga «Har skrivemåten vore lenge i bruk og er vel kjend og innarbeidd, kan ein fråvike gjeldande rettskriving og rettskrivingsprinsipp» frå forskrift til lov.

Departementet meiner likevel at det bør opnast for at kommunane kan få større reell innverknad på fastsetjing av skrivemåte. At endringa blir flytta frå forskrift til lov, gjer at unntaket får høgare status.

Vidare meiner departementet at det lovteknisk sett er betre at unntaket frå hovudregelen står i same paragraf som hovudregelen.

Sjølv om formålet med endringa er at unntaket blir praktisert oftare, vil dette etter departementets mening ikkje undergrave formålet med lova.

«Unorske» bokstavkombinasjonar bør ikkje bli brukte i stadnamna (med mindre t.d. eit gatenamn inneheld eit person- eller familienamn med denne rettskrivinga, t.d. *Schweigaards gate*). Skrivemåtar som bryt med norske rettskrivingsprinsipp på denne måten, vil vere intuitivt vanskelege å lære seg. Slike skrivemåtar vil bidra til ei «logolesing» av orda som inngår i namnet, altså at ein gjenkjenner det visuelle uttrykket, fordi ein har sett det tidlegare, men forståinga av innhaldet vil utebli. Slike skrivemåtar bidreg til å skjule meningsinnhaldet i stadnamna, noko som ikkje er i tråd med formålet i lova.

Departementet erkjenner at frå ein lokal ståstad kan regelen i gjeldande § 4 andre ledd oppfattast som urimeleg, ettersom kommunen sitt vedtak om skrivemåte ofte i praksis er styrt av kva vedtak om skrivemåte Kartverket har gjort tidlegare. Det er også ei kjensgjerning at regelen kan generere namnesaker: Dersom kommunane fastset ein skrivemåte av eit sekundært namneobjekt, som ikkje samsvarar med skrivemåten av namnet i opprinneleg funksjon, kan Kartverket klage på dette. Dette fører ikkje sjeldan til at kommunens adresseringsarbeid blir forseinka. Departementet merkar seg at forslaget om å endre denne regelen har brei støtte frå dei kommunane som har uttala seg.

Likevel meiner departementet at dei faglege argumenta mot forslaget er sterke. Sjølv om lova allereie tillet skrivemåtar utanfor rettskrivinga, og sjølv om også regional variasjon av same ordet (t.d. *-vig* og *-vik*) er tillate, er det noko anna dersom eitt og same namn i same geografiske område kan få to ulike skrivemåtar, alt etter kven som er vedtaksorganet. Departementet overskoda ikkje fullt ut i høyringsnotatet dei heilt særigne problema som samiske språk står overfor. Same tinget har rett i at to ulike skrivemåtar av same namn i same område, vil verke negativt på innlæringa og stabiliseringa av dei samiske rettskrivingsnormene. Dersom forslaget blir gjennomført, vil det kunne føre til at eitt og same stadnamn i forskjellige funksjonar kan få forskjellig skrivemåte. Dette vil føre til variasjonar i skrivemåtar på karta, og det vil oppstå tvil om kva skrivemåte som er rett, også ved norske stadnamn. At to eller fleire namn med same språklege opphav kan skrivast ulikt innanfor same geografiske område, utholar også konsistensen i namneverket, slik at det blir uoversiktleg.

Dersom ein kommune skal bruke eit eldgammelt gardsnamn i eit gatenamn, og ikkje treng å ta omsyn til den vedtekne skrivemåten av namnet, vil dette undergrave formålet med lova, som er å sikre vidareføring av gamle stadnamn. I praksis er det ofte i den sekundære namnedanninga at vidareføringa skjer.

Vidare er det eit viktig argument at variasjonar i skrivemåten av eit stadnamn på same geografiske stad *kan* føre til forvirring om kva som er rett adresse når uttrykkingskøyretøy skal finne fram. I slike situasjonar er den praktiske funksjonen som ei eintydig adresse har, svært viktig for at verdifull tid ikkje skal gå tapt.

Departementets vurdering er derfor at det materielle innhaldet i hovudregelen i gjeldande § 4 andre ledd første punktum blir vidareført uendra.

4.6 Kunngjering og høyring

4.6.1 Gjeldande rett

Gjeldande § 6 er ein samleparagraf for saksbehandlingsreglane i stadnamnsaker. Ein av saksbehandlingsreglane er kravet til kunngjering av at det blir reist namnesak. Det er ikkje regulert i lova kven som har ansvaret for kunngjeringa.

Paragrafen om saksbehandling i stadnamnsaker vart endra ved lovrevisjonen i 2015. Før revisjonen hadde § 6 andre ledd i lova følgjande ordlyd:

«Saker som gjeld gards- og bruksnamn, skal eigar eller festar få tilsendt direkte. Saker som gjeld samiske eller kvenske stadnamn, skal dessutan sendast til lokale organisasjonar med særleg tilknytning til saka. I tillegg skal saka kunngjerast i minst to aviser som er alminneleg lesne på staden, eller gjerast kjend på annan høveleg måte. Saker som gjeld andre namn, skal kunngjerast på same måten.»

I merknaden til desse føresegnene i Ot.prp. nr. 42 (2004–2005) vart innhaldet utdjupa:

«Andre ledd fastset at når vedtaket skal gjerast av andre enn kommunen, skal vedtaksorganet sende saka til vedkomande kommune, som skal syte for at ho blir kunngjort for dei som har rett til å uttale seg. Eigar eller festar skal få tilsendt saka direkte i saker som gjeld bruksnamn, eller gardsnamn som utgjør heile eller delar av bruksnamnet, og som vil vere retningsgivande for skrivemåten av bruksnamnet. Andre med uttalerett i saker som gjeld bruksnamn, t.d. lokale organisasjonar med særleg tilknytning til namnet, skal varslast med kunngjering i minst to aviser som er vanleg lesne på staden, eller på anna høveleg vis, som t.d. i lokale informasjonstrykksaker. I saker som gjeld samiske eller kvenske namn, skal interesserte organisasjonar få tilsendt saka direkte. Bakgrunnen for dette er at desse organisasjonane ikkje alltid er lokaliserte slik at dei les dei lokale avisene.»

Ved lovrevisjonen i 2015 vart § 6 andre ledd endra for å opne for at eigarar av gardsbruk sjølv kan fastsetje skrivemåten av namnet på bruket sitt:

«I saker om skrivemåten av nedervde bruksnamn har eigaren rett til å fastsetje skrivemåten dersom han kan dokumentere at den

ønskte skrivemåten har vore i offentleg bruk som bruksnamn. Skrivemåten av bruksnamnet kan i desse tilfella vedtakast utan høyring etter første ledd. Vedtak om skrivemåten av gardsnamn skal i alle andre tilfelle vere retningsgivande for skrivemåten av bruksnamn som er identisk med gardsnamnet.»

I merknadene til revidert § 6 er det gjort nærmare greie for kva som krevst av dokumentasjon når eigar kan fastsetje skrivemåten av namnet på eige gardsbruk. Det står ikkje omtalt i denne teksten kven som har ansvaret for å kunngjere at det er reist namnesak.

Ein utilsikta effekt av siste lovrevisjon har vore at det har vorte uklart kven som er ansvarleg for sjølve kunngjeringa. Når kommunen sjølv reiser namnesak, er det klart at kommunen sjølv også kunngjer dette. Men når Kartverket reiser ei namnesak, er ikkje dette like opplagt.

4.6.2 Departementets framlegg

Departementet foreslo i høyringsframlegget at det av innhaldet i gjeldande § 6 som gjeld krav om kunngjering og høyring i stadnamnsaker, blir flytta til ein eigen paragraf. Formålet med dette er å gjere det lettare å orientere seg i lova.

Vidare foreslo departementet at det i den nye paragrafen om kunngjering og høyring blir klargjort at det er kommunen som er ansvarleg for å gjennomføre den lokale kunngjeringa og høyringsprosessen, uavhengig av om det er kommunen sjølv som er vedtaksorgan eller Kartverket.

Det vart også foreslått at når kommune og fylkeskommune skal vedta skrivemåten av eit stadnamn, skal også Kartverket ha rett til å uttale seg. Grunngevinga for dette var at Kartverket har stor namnefagleg kompetanse og kan bidra til at desse sakene blir enda betre opplyste. Slik uttalerett var også sett i samband med forslaget om å unnta kommunale vedtak frå regelen i § 4 andre ledd (sjå kap. 4.5.2).

4.6.3 Synspunkta i høyringsrunden

Det var 13 høyringsinstansar som uttalte seg om framlegget om kunngjering og høyring av namnesaker. Av desse skreiv fire at dei ikkje hadde innvendingar til framlegget og åtte at dei var positive til framlegget. Ein av instansane uttalte seg berre om framlegget om å gi Kartverket uttalerett når kommune eller fylkeskommune skal vedta skrivemåten av eit stadnamn.

Sametinget og namnekonsulentane for norske og kvenske stadnamn støttar forslaget. Namnekonsulentane viser til at framlegget er med på å gjere lova lettare tilgjengeleg:

«Forslaget om å flytte saksbehandlingsreglene fra § 6 til ny § 8 gjør gangen i lovteksten ryddigere, likens presiseringen om at det er kommunen som er ansvarlig for kunngjøringen. Videre er det positivt – dersom forslaget blir vedtatt – at Kartverket får lovfestet uttalerett når kommunen eller fylkeskommunen skal vedta skrivemåten av et stedsnavn. Vi er likevel bekymret for ekstraarbeidet dette kan medføre både for kommunene og Kartverket.»

Dei kommunane som uttalte seg om dette forslaget, hadde ingen innvendingar eller støtta framlegget. Ingen instansar uttalte seg negativt om framlegget om å lovfeste ansvaret for kunngjering og høyring. Fråsegnene om at Kartverket skal ha uttalerett når kommune og fylkeskommune skal vedta skrivemåten av eit stadnamn var ikkje like eintydige.

Språkrådet meiner at framlegget kan skape uvisse om kva for råd vedtaksorganet bør følgje:

«Språkrådet meiner det ikkje er tenleg å lovfesta at Kartverket har rett til å uttala seg i saker der Kartverket ikkje er vedtaksorgan. Ei slik endring vil fort kunna føra til forvirring rundt namnetilrådinga, ettersom rolla til stadnamntenesta primært er å gje det faglege rådet i namnesaker. Ei fråsegn frå eit anna fagorgan vil fort òg kunna bli oppfatta som eit (anna) råd. Å lovfesta Kartverkets rett til å uttala seg vil òg kunna gjera at ein ventar at Kartverket skal uttala seg i saker der kommunar eller fylkeskommunar er vedtaksorgan. Det vil kunna føra til namnefagleg dobbeltarbeid. Språkrådet stiller ikkje spørsmål ved den namnefaglege kompetansen til Kartverket, og me kan ikkje sjå at det med dagens reglar er noko i vegen for at Kartverket kan uttala seg i saker når det meiner det er nødvendig.»

Bokmålsforbundet var også negative til å gi Kartverket ein lovfesta uttalerett i slike tilfelle:

«Bokmålsforbundet er av den oppfatning at denne del av forslaget virker uhensiktsmessig, og gjør prosessen enda mer byråkratisk enn den er. Kartverkets lovfestede uttalerett må slettes.»

4.6.4 Departementets vurdering

Kunngjering på ein eigna måte når namnesak blir reist er ein føresetnad for at dei som har rett til å uttale seg, får høve til dette. Dette er lokaldemokrati i praksis. Ein reell høyringsprosess er også avgjerande for at ei namnesak blir godt opplyst før det blir vedteke ein skrivemåte av eit stadnamn.

Departementets vurdering er at jamvel om Kartverket som vedtaksorgan sjølv er ansvarleg for å skrive kunngjeringsbrev når det blir reist namnesak, bør det vere kommunane som er ansvarlege for gjennomføringa av sjølv kunngjeringsringa. Dette har også vore fast praksis sidan 1991.

Når det skal kunngjerast at ei namnesak er reist, bør det vere klart kven som har ansvaret for dette. Det var ikkje departementet si meining at revisjonen i 2015 skulle innebære noka endring av kven som har dette ansvaret.

Det er kommunen som har den lokale kunnskapen og kjennskap til kva lokale organisasjonar som har ei interesse i saka, og kva lokalaviser som eignar seg for kunngjeringsringa. Det er også kommunen sjølv som bør ta ansvar for at informasjonen blir publisert på nettsida til kommunen.

Det er også tenleg at kommunen samordnar høyringsfråsegnene frå eigarar, festarar og lokale organisasjonar og brukar desse som grunnlag for kommunen si høyringsfråsegn.

Departementet vurderer det slik at det vil vere klargjerande å flytte saksbehandlingsreglane som gjeld kunngjering og høyring i stadnamnsaker, frå gjeldande § 6 til ny § 8. Vidare meiner departementet at det er kommunen som er og bør vere ansvarleg for sjølv kunngjeringsringa, uavhengig av kven som reiser namnesaka. Forslaget er meint som ei presisering av gjeldande praksis.

Departementet har merka seg at til dømes Språkrådet meiner at ei lovfesting av Kartverkets uttalerett når kommune og fylkeskommune skal vedta skrivemåten av eit stadnamn, vil vere uheldig. Departementet deler det synet Språkrådet har om at det vil kunne skape uklarheit om kven som er det rådgivande fagorganet i stadnamnsaker, og meiner at dette er uheldig. Sjølv om Kartverkets fråsegn ville kome som ledd i høyringsringa og ikkje som ei tilråding, vil kommunane kunne kome i ein situasjon med ulike innspel frå to fagorgan. Dette vil kunne undergrave legitimiteten til stadnamntenesta og skape uvisse for kommunane. Departementet vil derfor ikkje leggje fram forslag om å lovfeste at Kartverket skal ha uttalerett i stadnamnsaker når kommunen eller fylkeskommunen er vedtaksorgan.

4.7 Stadnamntenesta – organisering

4.7.1 Gjeldande rett

Det er i dag ei rådgivingsteneste for stadnamn organisert under Kulturdepartementet, jf. stadnamnlova § 11:

«Departementet oppnemner stadnamnkonsulentar for norske og kvenske stadnamn. Sameetinget oppnemner stadnamnkonsulentar for samiske stadnamn.

Namnekonsulentane skal gi rettleiing og råd om skrivemåten av stadnamn. »

Språkrådet fekk i 1993 delegert ansvaret for å nemne opp stadnamnkonsulentar etter § 11. Frå same tidspunkt har Språkrådet hatt ansvar for å tilsetje stadnamnsekretærar. Til saman har det administrative og økonomiske ansvaret for å drifte rådgivingsapparatet etter stadnamnlova lege hos Språkrådet fram til i dag. Språkrådet har derimot ikkje hatt noka formalisert fagleg rolle i å førebu saker hos stadnamnsekretæranne eller i dei tilrådingane som stadnamnkonsulentane i dag gjer etter § 6 første ledd sjuande punktum: «Før det blir gjort vedtak om skrivemåten, skal namnekonsulentane gi tilråding.»

Språkrådet var likevel frå byrjinga tiltenkt ei fagleg samordningsrolle, jf. Ot.prp. nr. 66 (1988–89). Ettersom namnekonsulentane hadde regionale kontor, knytte til namnefaglege miljø ved universiteta, drøfta departementet behovet for å føre tilsyn med at «namnekonsulentane fører eins praksis». I Ot.prp. nr. 66 (1988–89) er det omtalt eit forslag frå NOU 1983: 6 *Stadnamn* om eit Norsk stadnamnråd som skulle «gi fagleg rettleiing til departementet og andre oppdragsgivarar i allmenne og prinsipielle stadnamnspørsmål, gi fråsegn i klagesaker, ha fagleg ansvar for at namnekonsulentane fører eins praksis og vurdere endringar i forskriftene». Departementet konkluderte i proposisjonen med at Språkrådet skulle få ei slik fagleg samordningsoppgåve: «Departementet foreslår derfor at Norsk språkråd blir tillagt dei oppgåvene Stadnamnutvalet har meint skulle leggjast til Norsk stadnamnråd.» Forslaget innebar at samordninga skulle skje på såkalla *samrådsmøte*: «Når det gjeld tilsynet med at stadnamnkonsulentane fører eins praksis, er departementet samd med Språkrådet i at dette best kan varetakast ved at konsulentane, saman med sekretæranne og representantar for Norsk språkråd, får høve til å halde samrådsmøte ein til to gonger i året.» Samordning av regelverksfor-

ståinga har sidan lova vart fastsett, vore eitt av fleire tema på samrådsmøta. Språkrådet har i mange år delteke på dei årlege samrådsmøta mellom Kartverket og namnekonsulentane, men Språkrådet har ikkje hatt noka fagleg tilsynsrolle, verken på møta eller utanom. Denne praksisen har Språkrådet ført i forståing med departementet.

Gjeldande forskrift til stadnamnlova tok til å gjelde den 23. mai 2017. Inntil då var namnekonsulenttenesta delt inn i fire regionar med til saman åtte konsulentar og fire sekretærar. Forskrifta § 14 lydde slik:

«Det skal oppnemnst to namnekonsulentar for norskspråklege stadnamn for kvart av dei geografiske områda Austlandet med Agderfylka, Vestlandet, Midt-Noreg og Nord-Noreg. Det skal også oppnemnst namnekonsulentar for nord-, sør- og lulesamisk og for kvensk. Konsulentane blir oppnemnde på åremål for seks år om gongen.»

Departementet foreslo i revisjonen av forskrifta å fjerne § 14 heilt. Grunngevinga for dette kjem fram i høyringsnotatet:

«Ordninga er administrativt og økonomisk ressurskrevjande, både på grunn av talet på konsulentar og fordi tenesta er regionalisert, noko som fører til ekstra utgifter til kontorleige, IT-tenester, reisekostnader, opplæring osv. Den namnefaglege kompetansen har i tillegg vorte ei utfordring ved nyoppnemningar og nyttilsetjingar, fordi namnefaget er kraftig nedbygd ved universiteta og høgskolane. Ordninga med desentraliserte namnekonsulentar og konsulentsekretærar har vore uendra sidan 1991, og føreset at det finst namnefaglege miljø ved universiteta i Tromsø, Trondheim, Bergen og Oslo. Når desse miljøa allereie er eller er i ferd med å bli avvikla, er dette eit problem for forvaltninga av stadnamnlova. Departementet foreslår å stryke gjeldande § 14 i forskrifta. Ordninga er allereie regulert i stadnamnlova. Framtidig organisering av stadnamnkonsulenttenesta kan gjerast innanfor dei rammene stadnamnlova § 11 gir.»

Språkrådet støttar i høyringa forslaget om å oppheve § 14 i forskrifta:

«Stedsnavntjenestene for norske og kvenske navn fungerer i dag som fem faglige enheter. Språkrådet har ansvar for å følge opp både kon-

sulentsekretærer og navnekonsulenter administrativt, og sekretærene er tilsatt i Språkrådet. Denne modellen er det ofte vanskelig å kommunisere til offentligheten. Vi vil be departementet vurdere å legge hele det faglige ansvaret for tilrådingene etter stedsnavnloven til Språkrådet. Vi vil da kunne sikre god koordinering, kompetanseoverføring og mer enhetlig rådgivingspraksis for de ulike områdene. Vi vil også i navnesaker arbeide etter våre generelle kommunikasjonsmål om å vinne tillit hos publikum og få offentligheten til å oppleve Språkrådets arbeid som nyttig, etterrettelig og synlig.»

På bakgrunn av dei generelle utfordringane med å halde ved like sterke fagmiljø ved dei regionale universiteta, og fordi Kulturdepartementet etter forskriftsendringa kan organisere rådgivingsarbeidet på ein annan måte, vart Språkrådet i brev 12. februar 2018 bedt om å prøve ut ei omorganisering av namnekonsulenttenesta. Hovudgrepet departementet ønskte å prøve ut, var å innlemme namnekonsulentane i den fagrådsorganiseringa som Språkrådet har i dag, dvs. ei ordning med eksterne rådsmedlemmer, som via leiinga gir råd til saksbehandlarleddet i faglege spørsmål. Formålet med dette var å gi Språkrådet eit meir direkte ansvar for at saksbehandlinga i namnekonsulenttenesta er tilstrekkeleg samordna i faglege spørsmål. Organiseringa har ikkje hatt tid til å verke, så det er for tidleg å evaluere ordninga. Departementet har likevel notert seg at namnekonsulentane i sitt høyringsvar skriv at det «kan se ut som at den prøveordningen Språkrådet har satt i verk, bl.a. med et fagråd for stedsnavn, kan bidra til å optimalisere og styrke konsulenttjenesten.» Departementet erfarer at det så langt fungerer godt med ei tydelegare arbeidsdeling mellom saksbehandlarane i Språkrådet og konsulentane (medlemmer i fagrådet for stadnamn), og at det blir meir tid til å drøfte saker av prinsipiell eller kompleks karakter i det namnefaglege rådet. Prøveordninga med organisering har gjort det lettare å følgje opp saker overfor andre institusjonar og media når det trengst.

4.7.2 Departementets framlegg

I høyringsnotatet gjorde departementet greie for at stadnamnkonsulentane, i samsvar med lova, har hatt stor grad av autonomi. I dette ligg at departementet ikkje overprøver det faglege skjønnet til namnekonsulentane. Dei er heller ikkje underlagde andre forvaltningsorgan i faglege spørsmål.

Tilrådingane som namnekonsulentane gir vedtaksorgana i saksbehandlingsprosessen, skal sikre at sakene er godt opplyste, og at avgjerdene blir tekne i tråd med regelverket.

Departementet meinte at det er ei utfordring for forvaltninga av stadnamnlova at dei regionale kontora i dag kan oppfattast som frikopla frå linjene i forvaltninga, samtidig som dei har stor innverknad på demokratiske prosessar, tidvis i strid med til dømes lokale interesser. Departementet uttrykte også uro for nedbygginga av dei språkvitenskaplege miljøa som har sikra rekruttering av nødvendig kompetanse i forvaltninga av stadnamnlova. At namnefag er eit utsett fag i universitetssektoren, og at dette er eit problem for samfunnet og for forvaltninga av stadnamnlova, er omtalt slik i humaniorameldinga, jf. Meld. St. 25 (2016–2017) *Humaniora i Norge*, pkt. 3.6.2:

«Forvaltning av loven, som også har direkte betydning for eiendomsregistrering og vedlikehold av kartdata, er avhengig av spesialisert språkvitenskapelig kompetanse. Å finne denne kompetansen har blitt en utfordring da det utdannes få mastergradskandidater innenfor navnefag og tilgrensende områder.»

Departementet støtta seg i høyringsnotatet på vurderinga frå Språkrådet om at dagens organisering av rådet er vanskeleg å kommunisere utetter. Departementets eiga erfaring er at mange oppfatar at Språkrådet har ei formell rolle i saksbehandlinga etter stadnamnlova, sjølv om realiteten er at Språkrådet berre tilset og lønner stadnamnsekretærene og honorerer namnekonsulentane på oppdrag frå departementet. Departementet viste derfor til at i den nye forskrifta til stadnamnlova, som tok til å gjelde 23. mai 2017, er det ikkje lenger fastsett at rådgivingsapparatet må vere organisert i fire regionar. Departementet argumenterte derfor i høyringsnotatet for at Språkrådet bør ha eit *fagleg ansvar* for forvaltning av stadnamnlova, og at dette bør formaliserast gjennom ei endring i stadnamnlova.

Hovudgrunnane til dette vart lagde fram i høyringsnotatet. Departementet meinte at det er behov for å samle og styrkje fagmiljøet for forvaltning av stadnamn og såleis bøte på den nedbygginga av dei namnefaglege miljøa som skjer regionalt i universitetssektoren i dag.

Departementet tok også til orde for å knyte namnekonsulenttenesta som fagstyrt organ tettare til eit rådgivande forvaltningsorgan. Slik kan ein sikre at like saker blir behandla likt, og at regelverkspraksisen blir utvikla i tråd med saks-

behandlingsprinsippa elles i forvaltninga. Det er behov for å knyte namnekonsulenttenesta til eit miljø som har eit etablert informasjonsapparat, og som kan leggje til rette for kompetanseoverføring og opplæring. Endeleg meinte departementet at det er behov for ei ryddig organisering, som ikkje skaper tvil om Språkrådet si rolle.

Departementet foreslo derfor i høyringsnotatet å skrive Språkrådet si rolle som stadnamnteneste inn i lova. Gjeldande § 11 *Stadnamnkonsulentar* vart foreslått erstatta av ny § 13 med tittelen *Stadnamntenesta*. Departementet foreslo at paragrafen i staden for å omhandle oppnemning av konsulentar, heller skal slå fast kven som er stadnamnteneste etter lova.

Departementet foreslo samstundes å heimle tilrådingsarbeidet til stadnamntenesta i ein ny § 9 og å utvide tilrådingsfunksjonen til også å gjelde namneskikk og namnevern, ikkje berre skrivemåte.

4.7.3 Synspunkta i høyringsrunden

15 av høyringsinstansane er eksplisitt positive til at stadnamntenesta blir organisert som ein del av Språkrådet. Av desse er det ca. halvparten av kommunane (åtte i talet) som uttalar seg eksplisitt positivt. Ein enkeltperson er skeptisk. Resten av høyringsinstansane ser ikkje ut til å ha konkrete innvendingar mot framlegget.

Professor emeritus Helge Sandøy (Universitetet i Bergen) er skeptisk til at Språkrådet får overført det tilrådingsarbeidet som hittil har lege i den regionaliserte namnekonsulentordninga. Han peikar på at Språkrådet ikkje er ein forskingsinstitusjon, og at Språkrådet tradisjonelt arbeider med skriftspråk, ikkje talespråk. Sandøy meiner det i stadnamnormering er nødvendig med fagleg spisskompetanse i talemålsforskning, t.d. tilhøvet mellom faktisk språkbruk og rapportert språkbruk, ettersom ein del av arbeidet vil gå med til å innhente uttaleopplysningar frå informantar. Direkte kontakt med dialektsamfunn er derfor nødvendig, meiner han. Han er også redd for at ei «avregionalisering» av tenesta i seg sjølv vil bidra til å avvikle det som er att av namnevitskapelege miljø, t.d. ved Universitetet i Bergen – og andre stader.

Noregs Mållag er positive til at Språkrådet skal ha fagleg ansvar for tilrådingar etter stadnamnlova, men meiner som Sandøy at ei regional organisering er den optimale. Dei meiner at «[n]amnekonsulentane framleis må vera desentraliserte slik at kompetansen er lokalisert i dei ulike regionane dei arbeider for/med».

Namnekonsulentane for norske og kvenske namn seier i høyringsvaret sitt at dei kan støtte ei endring som gir Språkrådet fagleg ansvar for stadnamntenesta. Dei meiner likevel at den ordninga som har vore til no, i prinsippet har vore bra, fordi ho har lege nærmare brukarane. Namnekonsulentane er «klar over at tenesten kunne vært bedre samordnet». Namnekonsulentane deler departementets uro for nedbygginga av dei namnefaglege miljøa og avviser derfor heller ikkje at ei omorganisering av tenesta kan bidra til å styrkje rådgivinga. Sjølv om namnekonsulentane kan støtte at Språkrådet får det formelle ansvaret for tilrådingane, viser dei til den autonomien i faglege spørsmål som dei til no har hatt, og meiner at dette prinsippet er viktig å vidareføre.

4.7.4 Departementets vurdering

Departementet meiner å kunne konkludere med at forslaget til lovendring når det gjeld organisering av stadnamntenesta, har fått svært god mottaking blant høyringsinstansane.

Dei høyringsinstansane som er noko kritiske til «avregionaliseringa» av stadnamntenesta, har etter departementets syn relevante og gode innvendingar. Departementet vil likevel hevde at «sentralisering» av dei regionale tenestene ikkje er ei sjølvstendig drivkraft for endringane. Departementet held fast på at forslaget nettopp skal bøte på den nedbygginga av dei namnefaglege miljøa ved universiteta som skjer regionalt. Departementet understrekar også at den foreslåtte lovendringa ikkje vil stå i vegen for å oppretthalde t.d. eit regionalisert kontor ved Universitetet i Bergen. Det kan vere gode grunnar til å oppretthalde tilknytninga til eit sterkt vitenskapleg miljø. Språkrådet har i dag fleire formaliserte samarbeidsflater med nettopp Universitetet i Bergen, fordi her er det framleis sterke språkvitenskaplege miljø som korresponderer med dei oppdraga Språkrådet har på vegner av norsk språk. Språkrådet driv ikkje sjølv med forskning, men departementet vil hevde at rådet i dag er eitt av dei sterkaste kompetanseorgana for norsk språk. Dei tilsette har minimum mastergrad i eit språkfag, der disiplinær som dialektologi, leksikografi, sosiolingvistik, namnefag, språkhistorie og normering er samla. Fastsetjing av skrivemåte av eit stadnamn er ein allsidig disiplin, som samverkar med alle desse fagområda. Departementet meiner at Språkrådet er fagleg godt rusta til å ta på seg å gi råd i samsvar med stadnamnlova. Ei utviding av den faglege porteføljen vil også tvinge fram rekruttering av spesialistkomptanse i namnefag til Språkrådet.

Namnekonsulentane var i sitt høyrings svar opptekne av å vidareføre eit prinsipp om fagleg «autonomi», også innanfor ei ny organisering i Språkrådet. Departementet vil understreke at den autoriteten som konsulentane i dag arbeider etter, er stadnamnlova sjølv. Konsulentane vil også etter lovendringa ha ei fagleg fri rolle i den meining at når dei skal gi råd til vedtaksorganet, skal dei gjere eigne faglege vurderingar av kva som er innanfor regelverket. Språkrådet og konsulentane er like mykje bundne av stadnamnlova og forskrifta. Skilnaden blir at Språkrådet har ansvar for at like saker blir behandla likt, at saksgangen er effektiv, og at konsulentane er koordinerte. Samstundes vil ei organisering i Språkrådet gi eit løft til rådgivingsarbeidet, ettersom konsulentane vil få tilgang til eit apparat som driv eit aktivt informasjonsarbeid, svarar på spørsmål, lagar e-læringsprogram osv. Dette vil kome vedtaksorgana til gode og styrkje legitimiteten til lova. Lokal usemje eller konfliktar vil med dette systemet ikkje bli borte, og departementet merkar seg at ingen av kommunane ytra seg eksplisitt negativt til forslaget. Vår vurdering er derfor at Språkrådet har tillit i desse sakene.

Som statens rådgivande organ i språkspørsmål vil Språkrådet få eit utvida mandat som følgje av dette forslaget. Språkrådets samfunnsoppdrag er å styrkje statusen og bruken av norsk språk, og forvalte rettskrivingsnormene for bokmål og nynorsk. Språkrådet skal også bidra til å auke bruken av kvensk og styrkje statusen til kvensk. Språkrådet har ikkje eit direkte mandat til å arbeide med samiske språkspørsmål, men det høyrer til det generelle oppdraget til Språkrådet å arbeide for tiltak som styrkjer også samisk. Desse overordna språkpolitiske samfunnsoppdraga høyrer derfor godt saman med det verke-middelet stadnamnlova er til å sikre den delen av norsk, kvensk og samiske språk som stadnamna utgjær.

4.8 Oppgåvene til stadnamntenesta

4.8.1 Gjeldande rett

Ein sentral saksbehandlingsregel i gjeldande lov § 6 første ledd sjuande punktum er at namnekonsulentane skal gi tilråding før vedtaksorganet gjer vedtak om skrivemåten. Praksis til no har vore at namnekonsulentane har gitt råd og rettleiing også om sjølve namnevalet.

Slik praksis var fram til 2017 heimla i § 14 i forskrifta om skrivemåten av stadnamn:

«Konsulentane skal gi råd og rettleiing til offentlege organ og andre som skal fastsetje skrivemåtar. Dei kan også gi råd i spørsmål om namnsetjing og elles svare på spørsmål om stadnamn og stadnamnbruk generelt.»

I den nye forskrifta som tok til å gjelde i 2017, var desse føresegnene ikkje med. Vurderinga då var mellom anna at omsynet til namnevernet var tilstrekkeleg sikra i lova.

Då departementet i 2017 foreslo nokre lovendingar med konsekvensar for namnevernet, vart det samstundes foreslått å påleggje stadnamntenesta å gi tilråding om namneskikk og namnsetjing før kommunen gjer vedtak om skrivemåte av eit stadnamn. Isolert sett møtte dette forslaget lite motstand i høyringsrunden.

4.8.2 Departementets framlegg

Departementet tilrådde i høyringsnotatet å vidareføre det materielle innhaldet i forslaget frå 2017 om at namnekonsulentane i tillegg til å gi råd om skrivemåte, også skal gi tilråding om namneskikk og namnsetjing før vedtak, jf. § 6 første ledd sjuande punktum.

Bakgrunnen for dette var at departementet meinte det er behov for å gi ein heimel for at stadnamntenesta kan ha ei oppfølgingsrolle også etter at det er gjort vedtak. Dette behovet kjem fram i utgreiinga om samiske språk, jf. NOU 2016: 18 *Hjertespråket – Forslag til lovverk, tiltak og ordninger for samiske språk*:

«Utvalget mener en utfordring i arbeidet med samiske stedsnavn ligger i at det er en tendens til at navnemyndighetene vedtar bare norske navn, og ikke benytter muligheten til å fastsette samiske navn eller flerspråklige navn. Utvalget mener dette særlig gjelder der kommunene vedtar nye veinavn, adressenavn eller adresse-tilleggsnavn. Bruken av bare norske stedsnavn er også gjennomgående innen forvaltningsområdet for samisk språk. Utvalget mener synliggjøring av samiske stedsnavn på skilt har stor betydning for språkernes status.»

Etter dei redaksjonelle endringane som er foreslåtte og omtalte i kap. 4.11 her, blir nummerringa av paragrafane endra slik at innhaldet i gjeldande § 6 blir flytt til § 9 første ledd. Samtidig blir tittelen på paragrafen endra frå § 6 *Nærmare om saksbehandlingen* til § 9 *Tilråding*. Første leddet i paragrafen vart foreslått endra slik at det går klart fram at før det blir gjort vedtak om skrivemåten,

skal stadnamntenesta gi tilråding om fastsetjing av namn, namneskikk og skrivemåte. Departementet foreslo også at stadnamntenesta får heimel i § 13 til å uttale seg om bruk av stadnamn – etter at vedtak er gjort.

4.8.3 Synspunkta i høyringsrunden

Blant andre *Sametinget*, *Nasjonallibloteket* og *Kartverket* er eksplisitt positive til at stadnamntenesta skal få utvida tilrådingsheimel i tråd med framlegget i høyringsnotatet. Mange kommunar er også positive til framlegget, blant andre *Kåfford*, *Etnedal*, *Oslo* og *Bærum kommunar*. *Finnmark fylkeskommune* ser framlegget i samband med arbeidet med å synleggjere kvenske og samiske stadnamn:

«Fylkesrådmannen mener Kulturdepartementet har rett i at lav grad av kompetanse i kvensk og samisk i samfunnet gjør arbeidet med å fremme og synliggjøre slike stedsnavn utfordrende. [...] Derfor er det, slik fylkesrådmannen ser det, viktig å sikre at det ikke utvikles en enda mer ulik praksis fra kommune til kommune enn situasjonen er i dag. Dette kan unngås ved økt vekt på tilrådingar fra stedsnavntjenesten eller gjennom å styrke stedsnavntjenesten på andre måter.»

Berre éin høyringsinstans, *Bokmålsforbundet*, uttalar seg negativt til at stadnamntenesta skal kunne uttale seg om bruk av stadnamn, jf. forslag til nytt andre punktum i forslag til § 13: «Dette bærer preg av omkamp, og vil medføre mer byråkrati.»

4.8.4 Departementets vurdering

Forslaget vil føre til at stadnamntenesta får tydelegare heimel til å gi tilråding om avgjerder som heng saman, og som er omfatta av formålet med lova; nemleg val av eit namn, vedtak om skrivemåte og praktisk bruk av namnet. Departementet deler difor ikkje dei innvendingane som går på at det er tale om omkamp når stadnamntenesta skal kunne vurdere korleis eit vedtak om skrivemåte skal følgjast i praktisk bruk.

Stadnamntenesta skal kunne gi tilråding om korleis reglane om bruk av stadnamn er å forstå. Grunnen til at det i høyringsnotatet er presisert at tilrådinga skal kunne skje etter vedtak er fatta, er for å tydeleggjere at tenesta også kan rådførast i saker som gjeld manglande bruk eller feilbruk av namn. Denne bruken skjer etter at namnet er ved-

teke. Etter framlegg til ny § 12 er Fylkesmannen klageinstans for slike saker, og kan då rådføre seg med stadnamntenesta om regelverket.

Når det gjeld tittelen i ny § 9 *Tilråding*, finn departementet det på sin plass å klargjere omgrepet «tilråding» og verknaden av ei tilråding i lova. Ei «tilråding» er etter Nynorskordboka definert som «innstilling, framlegg frå nemnd, styresmakt o.l.». Ut frå ei allmennspråkleg forståing av ordet «tilråding» kan det stillast spørsmål ved om vedtaksorganet har plikt til å følgje ei tilråding frå namnekonsulentane om skrivemåte. Det som er klart, er at vedtaksorganet pliktar å følgje lova. Oppgåva til namnekonsulentane er å tilrå kva skrivemåte eller skrivemåtar som er innanfor lovverket.

Endeleg – når det gjeld tilråding om namnsetjing, vil eit råd frå namnekonsulentane sikre at namnevernet er godt opplyst før valet av namn blir gjort, jf. framlegg til ny § 7. Forhold som kan kome i strid med namnevernet i § 3, vil kunne ryddast av vegen i dialog med kommunen. På denne måten kan ein unngå eventuelle klagesaker.

Departementet meiner at ordet «tilråding» er dekkjande for dei rådgivande funksjonane namnekonsulentane har i saksbehandlinga.

4.9 Klage på avgjerder etter stadnamnlova

4.9.1 Gjeldande rett

I gjeldande stadnamnlov § 10 er det fastsett kva avgjerder etter lova ein kan klage på, kven som har klagerett, og kven det kan klagast til. Paragrafen vart sist endra i 2015. Då vart det klargjort at det også er høve til å klage ved brot på føresegnene om namnevern i § 3 i lova.

I § 10 første ledd går det fram at vedtak etter stadnamnlova kan påklagast av den som etter § 5 første ledd bokstav a til c har rett til å ta opp saker om skrivemåten av stadnamn. Det inneber at offentlege organ, eigarar eller festarar og lokale organisasjonar med særleg tilknytning til eit stadnamn, har rett til å klage. Stadnamnkonsulentane kan ta opp saker om fastsetjing av skrivemåten av eit stadnamn, jf. § 5 første ledd bokstav d, men dei har ikkje rett til å klage på vedtaket når det er gjort.

Lova § 10 første ledd inneheld ei tilvising til § 5 om kven som har klagerett. Deretter kjem ei oversikt over kva avgjerder det kan eller ikkje kan klagast på. Dersom eit vedtak om skrivemåte er gjort av Kongen eller Stortinget, er det ikkje høve til å klage, jf. § 10 første ledd sjette punktum. Til dømes blir eit kommunenamn endra av Kongen,

jf. lov om kommuner og fylkeskommuner § 3. Den vedtaksretten Kongen har i stadnamnsaker, er ofte delegert til departementet. Kongens fullmakt etter kommunelova § 3 nr. 3 til å fastsetje namn på kommunar er delegert til Kommunal- og moderniseringsdepartementet for dei tilfella namnefastsetjinga skjer i samband med grenseendringar etter inndelingslova, jf. forskrift 27. oktober 2017 nr. 1666 *Delegering av myndighet etter kommuneloven og inndelingslova*. Den fullmakta Kommunal- og moderniseringsdepartementet har fått med heimel i denne forskrifta, kan ikkje delegerast vidare.

Det går ikkje klart fram av stadnamnlova eller kommunelova om det i slike saker likevel er høve til å klage på vedtaka, eller om også desse er endelege. Praksis i dag er at saksgangen fram til vedtak om kommunenamn etter kommunelova følgjer saksbehandlingsreglane i stadnamnlova.

Klageparagrafen i stadnamnlova regulerer også situasjonar der eit stadnamn blir brukt feil, eller der eit vedteke stadnamn ikkje blir teke i bruk i det heile. Nærmare reglar om bruk følgjer av forskrift til stadnamnlova. Dei som har klagerett etter stadnamnlova, kan klage på feilbruken eller den manglande bruken til «overordna departement», ikkje til Klagenemnda for stadnamnsaker. Grunngevinga for dette går fram av forarbeida, jf. merknaden til § 10 i Ot.prp. nr. 42 (2004–2005):

«Det er naturleg at det overordna departementet har ansvar for å behandle klager over feilbruk eller manglande bruk. Klagenemnda bør ikkje vere klageinstans i slike klagesaker, sidan deira oppgåve er å ta stilling til kva for stadnamn som skal nyttast, og kva for skrivemåte dette namnet skal ha.»

I dei situasjonane der til dømes ein kommune ikkje gjer vedtak om skrivemåten av eit stadnamn som skal brukast, kan dei som elles har klagerett etter lova, klage på dette til Klagenemnda for stadnamnsaker, jf. gjeldande § 10 første ledd åttande punktum, der det heiter: «Klage over manglande vedtak kan påklagast til klagenemnda.»

Regelen om at feilbruk og manglande bruk av vedtekte stadnamn skal kunne klagast på til *overordna departement*, har vore uheldig. Til dømes vil ein situasjon der ein kommune ikkje brukar eit vedteke stadnamn, eller brukar det feil, kunne klagast på til overordna departement. Det er Kommunal- og moderniseringsdepartementet som har ansvaret for kommunepolitikken, men dette departementet er verken generelt eller i saker om stadnamn å rekne som *overordna* kommunane. Kommunane og fylkeskommunane er

sjølvstendige rettssubjekt og står ikkje under generell instruksjons- eller omgjeringsmynde frå noko departement. Utan ein uttrykkjeleg heimel kan derfor ikkje eit departement eller eit anna statleg organ gi pålegg med bindande verknad for kommunane.

4.9.2 Departementets framlegg

I høyringsnotatet foreslo departementet å klargjere at der Kongens mynde er delegert til eit departement, og eit departement har fatta eit vedtak i kraft av dette myndet, så er vedtaket endeleg. Forslaget inneber at det ikkje er mogeleg å klage på desse vedtaka til Klagenemnda for stadnamnsaker etter klagereglane i stadnamnlova.

Vidare foreslo departementet å fastsetje i stadnamnlova at Fylkesmannen er rett klageinstans når klagen gjeld manglande bruk og feilbruk av vedteke stadnamn, når det er kommunane og fylkeskommunane som ikkje brukar namna eller brukar dei feil.

4.9.3 Synspunkta i høyringsrunden

Det er ikkje mange høyringsinstansar som har uttalt seg om desse framlegga, men dei som har kommentert dette særskilt, er hovudsakleg positive. Departementet legg til grunn at dei som støttar heile departementets framlegg, ikkje har innvendingar mot dette.

Det er berre *Namnekonseptane for norske og kvenske stadnamn v/fagråd for stadnamnsaker* som har uttala seg om framlegget til ny § 12 første ledd sjette punktum, der departementet har foreslått å lovfeste at når eit departement har fatta eit vedtak i kraft av mynde delegert frå Kongen, er vedtaket endeleg:

«Vi er usikre på om tillegget «Det same [kan ikkje påklagast] gjeld når vedtak som er gjorde av eit departement i medhald av delegert mynde» innebærer at offentlige institusjoner på lavere nivå kan gjøre vedtak uten at de kan påklages. Det kunne i så fall svekke klagenemndas rolle.»

Sametinget understrekar at det bør vere mogeleg å klage dersom kommunar ikkje brukar vedtekne stadnamn eller brukar dei feil:

«Det nye i denne paragrafen er at Fylkesmannen blir klageinstans for feilbruk eller manglende bruk av stedsnavn i kommunal regi. Det er viktig at også kommuners brudd på steds-

navnloven kan påklages. I skole og helsesammenheng har Fylkesmannen tilsyn med at kommuner følger lovverket. Fylkesmannen er en naturlig klageinstans også i dette tilfellet.»

Kartverket støttar også forslaget om at Fylkesmannen bør vere klageinstans i slike saker:

«Etter lovutkastet har Fylkesmannen fått en klar hjemmel i stedsnavnloven som klageorgan i de tilfellene hvor kommunene og fylkeskommunene foretar feilbruk eller manglende bruk av stedsnavn. Loven inneholder ingen regler eller hjemler om rettsmidler overfor kommunene. Det må likevel legges til grunn at kommunene vil følge gjeldende lover og regler, og at de vil rette seg etter Fylkesmannens uttalelse hvis det blir avdekket mangelfull etterlevelse av loven.

Kartverket har ingen innvendinger mot at Fylkesmannen skal ta imot klager som gjelder feilbruk og manglende bruk når det gjelder kommuner eller fylkeskommunale organer. Dette forutsetter at Fylkesmannen internt må bygge opp tilstrekkelig faglig kompetanse innenfor stedsnavnlovens virkeområde, da Fylkesmannen per i dag ikke tidligere har behandlet denne type saker.»

Kartverket viser vidare til regionreforma og uvissa knytt til kva innverknad ho kan få for Fylkesmannens rolle i stadnamnsaker:

«Stortinget vedtok 8. juni 2017 ny inndeling av regionalt folkevalgt nivå («regionreformen»), jf. Prop. 84 S (2016–2017) og Innst. 385 S (2016–2017). Vi vil i denne forbindelse bemerke at i behandlingen av regionreformen vedtok Stortinget blant annet «Stortinget ber regjeringen sørge for at regional vegadministrasjon, som har ansvar for planlegging og drift av fylkesveiene, overføres fra Statens vegvesen til regionalt folkevalgt nivå» (vedtak 838/2017). Vi kan ikke se at departementet har drøftet hvilken betydning dette vil få når det gjelder saker fra regionvegkontorene til Statens vegvesen, og om dette vil medføre ytterligere oppgaver/klagesaker for Fylkesmannen. Vi er usikre på i hvilken grad det er vurdert hvorvidt Fylkesmannen vil få en enda mer omfattende rolle enn det som er foreslått.»

Dei kommunane som har uttalt seg om dette framlegget, er anten positive eller har ingen merknad.

Askøy kommune skriv at dei meiner det er rett at Fylkesmannen behandlar sakene som gjeld manglande bruk og feilbruk av vedtekne stadnamn, og *Sola kommune* skriv at det er

«[...] rådmannens syn at i den nye § 12 er det greit om Fylkesmannen blir klageinstans for manglende bruk eller feilbruk av stedsnavn i kommunale organ, såfremt Fylkesmannen innehar kompetansen innen feltet.»

Den einaste instansen som har uttalt seg negativt til framlegget, er *Nynorsklaget*, som foreslår at Klagenemnda for stadnamnsaker får utvida mynde til også å behandle klagar på kommunar og fylkeskommunar sin manglande bruk eller feilbruk av stadnamn.

4.9.4 Departementets vurdering

Departementet merkar seg at det ikkje er innvendingar i høyringsrunden til forslaget om at dei vedtaka eit departement har fatta i kraft av delegert mynde, skal vere endelege. Departementet meiner det vil vere uheldig om det skulle vere høve til å klage på departementets vedtak der det er Kongens vedtaksmynde som er delegert til departementet. Dette kan til dømes gjelde saker om endring av kommunenamn når vedtaksretten er delegert til Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Det vil ikkje vere rett at Klagenemnda for stadnamnsaker skal føre kontroll med Kongen eller departementet.

Det er ikkje meininga at endringa inneber at også offentlege institusjonar på lågare nivå kan gjere vedtak utan at dei kan påklagast. Unntaket gjeld berre departementa.

Etter departementets vurdering bør ny § 12 første ledd femte og sjette punktum slåast saman til eitt punktum.

Departementet meiner at formuleringa i gjeldande § 10 skaper uvisse om kven som er rett klageinstans ved manglande bruk eller feilbruk av vedtekne stadnamn i kommunane og fylkeskommunane.

Fylkesmannen utfører ulike forvaltningsoppgåver på vegner av departementa. Fylkesmannen kontrollerer også kommunane si verksemd og er klageinstans for mange kommunale vedtak. Fylkesmannen har derfor fagkunnskap på ei rekkje overordna samfunnsområde, samtidig som han har viktig lokalkunnskap. Jamvel om det i dette forslaget er snakk om klagar på manglande etterleving av lova, ikkje klage på eit vedtak som blir behandla etter reglane i forvaltningslova, meiner

departementet at det mest formålstenlege er at Fylkesmannen blir klageinstans for manglande bruk og feilaktig bruk av vedtekne stadnamn frå kommunane si side.

Ved at Fylkesmannen blir klageinstans i slike saker, kan Fylkesmannen påpeike og kritisere eventuell mangelfull etterleving av lova. Fylkesmannens fråsegn er ikkje å rekne som eit vedtak etter forvaltningslova, men som ei vurdering av korleis kommunane etterlever stadnamnlova.

Eit motargument kan vere at Fylkesmannen ikkje nødvendigvis har den kjennskapen til stadnamnlova og dei vurderingane som knyter seg til bruk av stadnamn som trengst for å behandle desse klagane. Fleire av høyringsinstansane har peikt på at det er viktig at Fylkesmannen får tilført den nødvendige kompetansen, særleg om samiske og kvenske stadnamn. Departementet ser dette poenget og peikar på forslaget om å ta inn i lova at stadnamntenesta også kan uttale seg om bruk av stadnamn, jf. forslag til ny § 13 andre ledd andre punktum. Dette vil sikre at Fylkesmannen kan innhente ei vurdering frå stadnamntenesta når det er behov for det.

Sjølv om Fylkesmannen er administrativt underlagd Kommunal- og moderniseringsdepartementet, har Fylkesmannen sektormynde på ei rekkje viktige politikkområde. Slik representerer Fylkesmannen fleire departement og underliggjande direktorat og sentrale tilsyn. Det er nærliggjande at i oppfølginga av Fylkesmannens oppgåver etter stadnamnlova, vil sektoransvaret liggje hos det departementet som til kvar tid har ansvaret for stadnamnlova.

Der det er statlege organ som brukar stadnamn feilaktig, eller ikkje brukar vedtekne namn på skilt m.m., er det ikkje aktuelt at Fylkesmannen skal vere klageinstans. Etter gjeldande rett skal klagar som gjeld Statens vegvesen, gå til Samferdselsdepartementet som overordna departement, medan eventuelle klagar som gjeld Kartverket, vil gå til Kommunal- og moderniseringsdepartementet. For skiltsaker legg stadnamnlova i dag opp til at klagar som gjeld regionkontora til Statens vegvesen, skal gå til departementet og ikkje Vegdirektoratet, som er nærmaste overordna forvaltningsnivå.

Departementets vurdering er at føresegna bør endrast slik at det ikkje lenger står «overordna departement». I staden bør klagar på manglande bruk og feilbruk av stadnamn i statlege organ gå til det nærmaste overordna organet. Rett klageinstans for klage på vedtak i regionkontora til Statens vegvesen, vil då vere Vegdirektoratet.

Som Kartverket viser til i fråsegna si, har Stortinget i samband med regionreforma bede regjeringa sørgje for at regional vegadministrasjon,

som har ansvar for planlegging og drift av fylkesvegane, blir overført frå Statens vegvesen til regionalt folkevalt nivå. Revisjon av vegtrafikklova er ikkje ferdig gjennomført. Spørsmålet om skiltmynde skal overførast til fylkeskommunane, vil bli vurdert i arbeidet med eventuelle forskriftsendringar (i dette tilfellet skiltforskrifta) i etterkant av revisjonen av vegtrafikklova. Eventuelle konsekvensar for fylkesmannsembeta vil bli vurderte som ledd i dette arbeidet.

4.10 Gjenopning av stadnamnsaker

Vedtak som er gjorde av Klagenemnda for stadnamnsaker med heimel i gjeldande lov, blir ikkje påverka av forslaget til lovendringar. Lovendringane har ikkje tilbakeverkande kraft, og vedtaket er bindande.

Departementet legg til grunn at eventuelle lovendringar vil vere å rekne som «nye opplysningar», jf. føresegna i stadnamnlova om gjenopning av ei stadnamnsak. Innhaldet i denne føresegna er foreslått vidareført uendra i ny § 10. Dette kan gi grunnlag for å gjenopne ei avslutta stadnamnsak. Det går klart fram av merknadene til gjeldande § 7 *Gjenopptaking* i Ot.prp. nr. 42 (2004–2005) at dette er tilstrekkeleg: «Nye reglar som endrar det faktiske vurderingsgrunnlaget, er også grunn til gjenopptaking.»

Kommunane står uansett fritt til å fastsetje nye namn på stader som det tidlegare har vore reist namnesak om. Viss det blir klaga på det nye namnevedtaket, skal klagen behandlast etter dei reglane i stadnamnlova som til kvar tid gjeld.

4.11 Redaksjonelle endringar

4.11.1 Gjeldande rett

Stadnamnlova er i dag ei lita lov med 14 paragrafar. Det har vore fleire revisjonar av lova, seinast i 2015. Revisjonane har ført til fleire unntak frå hovudreglane, delvis regulering av namneval og bruk av stadnamn i tillegg til regulering av skrivemåten av dei. Fleire av føresegnene i lova er vortne svært lange og omfattande, som til dømes § 6 *Nærmare om saksbehandlinga* og § 10 *Klage*.

4.11.2 Departementets framlegg

Departementet foreslo i høyringsnotatet ei rekkje redaksjonelle endringar som var meint å gjere lova lettare tilgjengeleg for dei som skal bruke ho. Desse er ikkje meint å endre det materielle innhal-

det i lova, men har berre til formål å gjere lova enklare og klarare.

Eitt av grepa som vart foreslått, var å dele opp nokre av føresegnene i fleire paragrafar. Departementet foreslo også å flytte noko av innhaldet frå ein paragraf til ein annan, slik at reguleringa av same situasjon i større grad er samla på ein stad i lova.

Departementet meinte også at det er nødvendig med nokre tillegg i lova, som berre er tekne med av pedagogiske omsyn og ikkje er meint å endre rettstilstanden på området.

Oversyn over dei viktigaste redaksjonelle endringane som departementet foreslo:

- I § 4 i lova blir første ledd andre og tredje punktum slått saman til éi setning. Det er ingen grunn til å omtale rettskrivingsprinsipp for kvensk i ei eiga setning. Som følgje av dette blir innhaldet i gjeldande tredje punktum stroke, og innhaldet i gjeldande fjerde punktum blir nytt tredje punktum. Gjeldande § 4 andre ledd blir delt inn i fleire ledd.
- Gjeldande § 8 *Særskilde reglar om gardsnamn og bruksnamn* blir flytta fram i lova og blir ny § 5 *Særskilde reglar om gardsnamn og bruksnamn*. Tilvisingane i føresegna til andre paragrafar blir oppdaterte i tråd med dei redaksjonelle endringane.
- Gjeldande § 6 andre ledd første punktum blir flytta og blir ny § 5 tredje ledd:

I saker om skrivemåten av nedervde bruksnamn har eigaren rett til å fastsetje skrivemåten dersom han kan dokumentere at den ønskete skrivemåten har vore i offentleg bruk som bruksnamn.
- Gjeldande § 5 *Fastsetjing av skrivemåten* og § 6 *Nærmare om saksbehandlinga* er foreslått delt opp i fleire paragrafar, slik at innhaldet i føresegnene går fram av ny § 6 *Igangsetjing av stadnamnsak*, ny § 7 *Avgjerder*, ny § 8 *Kunngjering og høyring* og ny § 9 *Tilråding*.
- I tråd med denne oppsplittinga av paragrafar må nummereringa av resten av paragrafane i lova endrast.
- Setninga i gjeldande § 5 tredje ledd andre punktum, som er foreslått flytta til ny § 7 *Avgjerder*, blir foreslått utskild som eige ledd i paragrafen:

Det kan gjerast samlevedtak for skriftforma av eit namneledd innanfor det same administrative området.

Grunngivinga for dette er at det bør kome klarare fram at det kan vere aktuelt også for andre vedtaksorgan enn Kartverket å gjere samlevedtak.

- I forslaget til ny § 8 *Kunngjering og høyring* er det berre sett inn den reguleringa av eigarfastsetjing av bruksnamn som gjeld høyring. Formålet er å unngå dobbeltbehandling av denne situasjonen. Resten av reguleringa av eigarfastsetjing av stadnamn er foreslått regulert i ny § 5 *Særskilde reglar om gardsnamn og bruksnamn*.
- Gjeldande § 10 første ledd sjette punktum er foreslått som ny § 12 første ledd sjette punktum. Departementet foreslår å endre denne setninga slik at Stortinget ikkje blir nemnt. Vedtak gjorde av Stortinget kan ikkje i noko fall påklagast til eit forvaltningsorgan, så tillegget om dette i paragrafen er overflødig.
- Gjeldande § 10 første ledd åttande punktum er foreslått som ny § 12 andre ledd andre punktum. Denne setninga foreslår vi å endre frå *Klage over manglande vedtak kan påklagast til klagenemnda til Manglande vedtak kan påklagast til klagenemnda*. Slik setninga er formulert i dag, kan ho tolkast som om det er klagen som kan påklagast, ikkje det manglande vedtaket, noko som ikkje har vore meininga.
- Gjeldande § 13, som er foreslått som ny § 16, gjeld iverksetjing av lova. Her foreslår departementet å stryke andre leddet: «Frå same tid blir det gjort følgjande endring i lov av 23. juni 1978 nr. 70 om kartlegging, deling og registrering av grunneiendom (delingsloven)». Denne setninga har ved ein inkurie blitt vidareført i lovrevisjonen av 2015. Delingslova, som det er vist til, er oppheva. Det vil etter departementets vurdering ikkje vere behov for endringar i gjeldande lov 17. juni 2005 nr. 101 om eigedomsregistrering (matrikkellova), som følgje av dei foreslåtte endringane i stadnamnlova.

4.11.3 Synspunkta i høyringsrunden

Fagmiljøa og kommunane er positive til forslaga til redaksjonelle endringar i lova. Det er ingen høyringsinstansar som har uttalt seg negativt til dei grepa som departementet har foreslått. *Sametinget* er blant dei som støttar forslaga:

«De redaksjonelle endringene i lovverket setter vi stor pris på. De vil gjøre loven mer ryddig

og lettest, og dermed lettere tilgjengelig. Noen tilføyelser har også gjort loven klarere.»

Kartverket og namnekonsulentane for norske og kvenske stadnamn har i tillegg vist til at lovforslaget som vart sendt på høyring, inneheldt nokre skrivefeil og tilvisingsfeil. *Nord-Aurdal kommune* skriv:

«Departementet har gjort ein del redaksjonelle endringar i lova for å gjera henne meir tilgjengeleg, og ber om tilbakemelding om det frå høyringsinstansane.

Nord-Aurdal kommune meiner at dei redaksjonelle endringane gjer det lettare å orientere seg i lova, og at innhaldet i føresegnene kjem betre fram.»

Liknande formuleringar er brukte av dei andre kommunane som har uttalt seg om forslaga til redaksjonelle endringar.

4.11.4 Departementets vurdering

Departementet merkar seg at dei høyringsinstansane som har uttalt seg om forslaga til redaksjonelle endringar i lova, er gjennomgåande positive til forslaga og meiner dei gjer lova enklare å forstå.

Det er departementets vurdering at lova slik ho ser ut i dag, kan vere vanskeleg å orientere seg i, og at rekkjefølgja i saksbehandlinga i stadnamnsaker ikkje kjem klart fram. Det er også døme på at delvis same innhald er regulert i to paragrafar. Dette gjeld i alle fall regelen om at eigar av eit gardsbruk sjølv kan fastsetje skrivemåten av namnet på bruket, jf. § 4 andre ledd og § 6 andre ledd.

Departementet meiner at når ein gjer ein breiare gjennomgang av lova, vil det også vere tenleg å gjere redaksjonelle endringar i lova og rette opp det som eventuelt kan vere uklart. Etter departementets syn bør dei foreslåtte endringane gjennomførast. På bakgrunn av innspel i høyringsrunden foreslår departementet i tillegg nokre tekniske endringar i lovteksten.

5 Administrative og økonomiske konsekvensar

Kartverket vil etter forslaget få ei ny lovpålagd oppgåve om å gjere vedtak om skrivemåten av reinbeitedistrikt. Dette vil likevel bli eit framhald av dagens praksis og vil dermed ikkje få nemnande økonomiske og administrative konsekvensar.

Omorganiseringa av stadnamntenesta og utvida ansvar for rådgiving og rettleiing i stadnamnsaker vil innebere både økonomiske og administrative konsekvensar for Språkrådet. Det er føresetnaden at desse blir dekte innanfor Kulturdepartementet sine budsjetttrammer.

For kommunane vil den foreslåtte saksbehandlingsregelen om innhenting av tilråding om namneval innebere noko nytt samanlikna med gjeldande regelverk, men tanken er at slik tilråding bør gjerast samtidig med at ein innhentar tilråding om skrivemåten. Derfor meiner departementet at denne regelen ikkje vil gi meirarbeid for kommunane.

Forslaget om å ta inn i lova at kommunen er ansvarleg for å kunngjere stadnamnsaker også der det er eit statleg organ som har reist saka, reknar vi ikkje med vil ha nokon administrative eller økonomiske konsekvensar for kommunen. Dette har vore fast praksis i 25 år og inneber derfor ingen endring i oppgåver for kommunane.

Etter forslaget blir Fylkesmannen tillagt oppgåva med å vere klageinstans for klagar på manglande bruk eller feilbruk av vedtekne stadnamn i kommunane, og dette vil etter departementets vurdering innebere ei noko større administrativ og økonomisk bør. Departementets erfaring er at det har kome få klagar på manglande bruk og feilbruk av stadnamn totalt sett. For norske stadnamn er det berre éi sak («Overhalla-saka») som har vore sendt til vurdering i eit departement dei siste åra. Fordelt på kvart enkelt fylkesmanns-embete reknar departementet derfor med at auken i arbeidsbøra blir liten. Kostnaden dei får ved å måtte opparbeide seg kompetanse på eit nytt fagfelt, vil bli redusert av at dei kan innhente faglege råd og vurderingar i alle saker frå stadnamntenesta.

Som sektormynde representerer Fylkesmannen fleire departement og underliggjande direktorat og sentrale tilsyn. Det er nærliggjande at i oppfølginga av Fylkesmannens oppgåver etter stadnamnlova, vil sektoransvaret liggje hos det departementet som til kvar tid har ansvaret for stadnamnlova.

Etter departementets vurdering vil forslaga samla sett ikkje ha nemnande økonomiske og administrative konsekvensar.

6 Merknader til dei enkelte paragrafane

Til § 1 Formål og verkeområde

Formuleringa i *andre ledd* er vidareført, men *norske* er lagt til i oppramsinga av kva språk lova skal sikre omsynet til. Endringa er eit uttrykk for at stadnamnlova både er ei kulturminnelov og ei språklov. Ho skal både verne immateriell kultur og fremje norsk, samisk og kvensk språk i aktiv bruk, jf. stadnamnlova § 1. Vernet av stadnamna på norsk, samisk og kvensk er likeverdig.

Til § 2 Definisjonar

§ 2 første ledd bokstav a definerer «stadnamn» som namn på terrengformasjonar, kulturformasjonar, administrative område som kommunar og sokn, reinbeitedistrikt, institusjonar og adresser. *Reinbeitedistrikt* er lagt til i døma på administrative område for å sikre at namn på reinbeitedistrikt blir behandla etter reglane i lova.

Til § 3 Namnevern

Paragrafen er ei støtte til formålsparagrafen. Overordna handlar føresegnene om å vidareføre så mange opphavlege namn som råd på den staden dei har ei opphavleg tilknytning til.

Første ledd er vidareført uendra.

Andre ledd skal verne dei namna som tradisjonelt er i bruk på ein stad. Reglane i andre ledd skal hindre at namn med stor geografisk utbreiing automatisk blir til fortrengsel for namn som har ei mindre geografisk utbreiing. Dineast skal reglane hindre at eit nedervd stadnamn blir bytt ut med t.d. kommersielt meir omsetjelege namn.

Andre ledd første punktum er formulert slik at det vert opna for namnebyte. Leddet seier at eit stadnamn kan bytast ut med eit anna stadnamn, men då eigentleg på to vilkår: 1) At det namnet som erstattar eit anna namn, skal ha tradisjon som namn på det same namneobjektet som det namnet som blir bytt ut, og 2) bytet skal som hovudregel føregå innanfor det same språket. Til § 3 andre ledd første punktum blir formuleringa «som er på same språk» føydd til, slik at det blir utvetydig at

hovudregelen er at eit stadnamn på eitt språk ikkje kan fortrengje eit stadnamn på eit anna språk. Til dømes skal ikkje eit norsk stadnamn fortrengje eit samisk stadnamn.

Unntaksregelen i § 3 *andre ledd andre punktum* opnar for å vurdere namnebyte også i situasjonar der dei namna som er til vurdering, *ikkje* har tradisjon som namn på same namneobjekt. Regelen opnar i prinsippet også for å gjere unntak frå hovudregelen om at eit eventuelt namnebyte skal skje innanfor same språk. Unntaksregelen opnar såleis for å gjere unntak frå begge vilkåra ovanfor, men av særlege grunnar.

«Særlege grunnar» til å byte ut eit namn kan vere at namnet er vanskeleg å skilje frå andre namn, og at dette kan skape fare for liv og helse. Døme kan vere at ambulanspersonell e.l. forvekslar namnet med eit anna, eller har problem med å identifisere ei konkret adresse. Særlege grunnar kan òg vere at eit stadnamn er til vesentleg byrde for dei som bur på staden.

«Særlege grunnar» kan i tillegg vere at den lokale bruken av namnet har endra seg gradvis og over tid, slik at eit namn har fått ein utvida eller innsnevra bruk. Ein utvida bruk av eit namn over tid kan ha ført til at bruken av namnet har fått referanse til eit anna namneobjekt, som i sin tur har eit opphavleg namn frå før. Dersom særlege grunnar her skal vurderast for å gjere unntak frå hovudregelen, må ein stå mellom to namn med i utgangspunktet likeverdig krav på vern. Det namnet som eventuelt blir flytta til ein ny stad som følgje av eit vedtak etter lova, skal vere eit nedervd namn. Det skal vurderast konkret om eit namn vil gå ut av bruk eller sikrast i bruk ved eit namnebyte. Kulturvernomsyn skal vurderast konkret, noko som sjeldan talar for at ei endring i namnebruken skal vere styrt av kommersielle interesser, eller at det er tilrådeleg å byte ut stadnamn mellom to språk. I den konkrete vurderinga av om det er særlege grunnar som tilseier at ein kan tillate namnebyte etter § 3 andre ledd, skal ein leggje vekt på kva kommunen meiner om kva som tener namnevernet lokalt.

Til § 4 Reglar om skrivemåten

Første ledd er vidareført uendra.

Regelen i nytt *andre ledd* er flytta frå forskrifta. Det er eit signal om at regelen skal vurderast oftare som unntaksregel. I saker der det blir vurdert å bruke denne unntaksregelen, skal følgjande moment takast med i vurderinga: uttalen, innarbeidd skrifttradisjon, meiningsinnhaldet og lokale synsmåtar.

Ein må vurdere om skrivemåten vil endre den lokale uttalen av namnet. Forma som namnet har i den nedervde lokale uttalen, er utgangspunktet for normering og har i seg sjølv verdi som kulturminne.

Uttrykka «lenge i bruk» og «innarbeidd» skal forståast slik at det skal vere ein lang og dominerande skrifttradisjon for den eldre skrivemåten som er ønskt, helst på offentlege kart og i matriklar. I uttrykket «vel kjend» ligg det at det ikkje er stort sprik i lokale synsmåtar om at skrivemåten er innarbeidd. Dersom det er stort sprik i lokale syn på saka, skal ein leggje vekt på den synsmåten som fremjar hovudregelen.

Det må vurderast om skrivemåten i stor grad bidreg til å skjule meiningsinnhaldet, slik formålet med lova er at skrivemåten ikkje skal gjere. Markering av lang vokal (for eksempel med bruk av dobbel vokal) og bokstavane *c*, *q*, *w*, *x*, og *z* skal ikkje godtakast i skriving av allmennord. Grunnen er hovudsakleg at slike skrivemåtar i stor grad forvanskar meiningsinnhaldet. Ei adresse som inneheld eit personnamn eller eit familienamn, t.d. *Riiser-Larsens vei* eller *Schweigaards gate*, skal ikkje følgje denne regelen.

Dersom det på bakgrunn av den nedervde uttalen er tvil om kva som er meiningsinnhaldet i namnet, er dette eit moment som talar for at den hevdvunne skrivemåten kan godtakast.

Noverande *andre ledd* blir delt opp og vidareført som *tredje* og *fjerde ledd*. Innhaldet er ikkje endra.

Til § 5 Særskilde reglar om gardsnamn og bruksnamn

Redaksjonelle endringar fører til at nummerringa er endra. Tidlegare § 8 *Særskilde reglar om gardsnamn og bruksnamn* er flytta til § 5. Reglane i tidlegare § 8 er vidareførte. Saksbehandlingsreglane om fastsetjing av skrivemåten på gardsnamn og bruksnamn, som tidlegare stod i § 6 *andre punktum*, er flytta hit, slik at alle særskilde reglar om gardsnamn og bruksnamn no står i § 5. Innhaldet i reglane er vidareført uendra.

Til § 6 Igangsetjing av stadnamnsak

Paragrafen har skifta namn frå *Nærmare om saksbehandlinga* til *Igangsetjing av stadnamnsak*. Føresegna om kven som kan reise namnesak, som tidlegare var regulert i § 5 *første ledd*, er flytta til ny § 6.

Ny § 6 vidarefører bokstavlista i tidlegare § 5 *første ledd*, men bokstav *d* er endra frå *Stadnamnkonulentane når det gjeld stadnamn i deira område* til *stadnamntenesta*. Endringa er nødvendig fordi stadnamnkonulentane ikkje lenger er organiserte i «område».

Til § 7 Avgjerder

Redaksjonelle endringar fører til at nummereringa er endra. Føresegna som no regulerer avgjerder, var tidlegare fordelt på § 5 *Fastsetjing av skrivemåten* og § 7 *Nærmare om saksbehandlinga*.

I *første ledd* blir det lovfesta at kommunen har rett til å velje namn på kommunale namneobjekt. Lovfestinga er til for at det ikkje skal kunne stillast spørsmål ved lovgrunnlaget for at kommunen vel namn på dei namneobjekta som kommunen også vedtek skrivemåten for.

I *andre ledd* blir det på same måte lovfesta at fylkeskommunen vel namn på fylkeskommunale anlegg.

I *tredje ledd* går det fram at statlege organ vel namn på statlege anlegg, og at reinbeitedistrikta sjølve vel namn på reinbeitedistrikta, men at i begge tilfelle er Kartverket vedtaksorgan for skrivemåten av desse namna. Kartverkets kompetanse er derfor berre å vedta skrivemåten av stadnamna. Endringane i *første*, *andre* og *tredje ledd* tydeleggjer at val av namn og vedtak om skrivemåten for namna, er to ulike prosessar.

Fjerde ledd er ei vidareføring av regelen i tidlegare § 6 *tredje ledd* *andre punktum*. Regelen er skilt ut i eit eige ledd, slik at det ikkje er tvil om at regelen omfattar samtlege vedtaksorgan.

Femte ledd er ei vidareføring av regelen i § 5 *fjerde ledd*.

Sjette og *sjuande ledd* er ei vidareføring av § 6 *tredje* og *fjerde ledd*.

Til § 8 Kunngjering og høyring

Redaksjonelle endringar gjer at § 8 har fått nytt namn.

Føresegnene om kunngjering av at det er reist namnesak om skrivemåten av eit stadnamn og høyring før vedtak, er flytta frå tidlegare § 6 *Nærmare om saksbehandlinga*. § 8 regulerer kven

som er ansvarleg for å kunngjere at det er reist namnesak, og kven som har rett til å uttale seg før vedtaksorganet tek avgjerd. Målet er at saka skal vere så godt opplyst som mogeleg før det blir gjort vedtak om skrivemåten.

Etter *første ledd første punktum* skal dei som har rett til å uttale seg, få kjennskap til at det er reist namnesak. Dette føreset at det blir kunngjort at sak er reist.

Første ledd andre punktum er nytt. Her går det fram at det er kommunane som har ansvar for å gjennomføre kunngjeringa. Dette gjeld uavhengig av om det er eit statleg organ som Kartverket eller kommunen sjølv som har reist namnesak om skrivemåten av eit stadnamn. Den nye setninga er å rekne som lovfesting av fast praksis. Når det er Kartverket som har reist namnesak, vil dei sende eit oppstartsbrev til den aktuelle kommunen, med den informasjonen som er nødvendig for at kommunen kan administrere ei lokal høyring på ein formålstenleg måte. *Andre, tredje og fjerde ledd* regulerer kven som har uttalerett etter lova. Dette var tidlegare regulert i § 6 første ledd. Innhaldet i reglane om kven som har uttalerett, er vidareført uendra.

Dei som har uttalerett, skal ha minst to månader til å uttale seg frå dei får saka, jf. forskrift til stadnamnlova § 8 andre ledd andre punktum.

Til § 9 Tilråding

Paragrafen er ny og heimlar tilrådingsfunksjonen til stadnamntenesta.

Første ledd vidarefører innhaldet i tidlegare § 6 første ledd sjuande punktum, der tilråding om skrivemåte før vedtak om skrivemåte, var heimla. Tilrådingskompetansen blir utvida til også å omfatte namneskikk og namnsetjing, ikkje berre skrivemåte. Med «tilråding» er det meint at stadnamntenesta gir faglege råd om kva vedtak som er innanfor regelverket.

God namneskikk er å byggje på lokal namnetradisjon når nye namneobjekt skal ha namn. Slik er ein med på å ta vare på stadnamn som kanskje elles ville gått ut av bruk.

Godt namnevern er å unngå at vedtak kjem i konflikt med reglane i § 3.

Andre ledd vidarefører innhaldet i tidlegare § 6 første ledd åttande punktum.

Til § 10 Gjenopning

Tidlegare § 7 er no flytta til § 10. Det er ikkje gjort materielle endringar i paragrafen, men på bakgrunn av andre redaksjonelle endringar i lova er

tilvisinga til kven som kan ta initiativ til å opne ei namnesak på nytt, endra til § 6 a til d.

Til § 11 Bruk av stadnamn

Nummereringa er endra, slik at tidlegare § 9 *Bruk av stadnamn* no er flytta til ny § 11 *Bruk av stadnamn*. Det materielle innhaldet i første ledd er vidareført uendra, men på grunn av redaksjonelle endringar i lova er tilvisinga til kven som kan klage, endra til § 6 første ledd bokstav a til c.

Andre og tredje ledd er vidareført uendra.

Til § 12 Klage

Nummereringa er endra, slik at tidlegare § 10 *Klage* no er flytta til § 12.

Første ledd sjette og sjuande punktum er skilt ut, og temaet klage på feilbruk og manglande bruk av stadnamn er lagt til eit nytt tredje ledd.

Andre ledd er vidareført uendra.

I nytt *tredje ledd* er det er regulert kven som behandlar ein klage på feilbruk eller manglande bruk av eit vedteke stadnamn. Første punktum er endra slik at det ikkje lenger står at ein klage på manglande bruk og feilbruk av eit stadnamn skal klagast på til «overordna departement». Punktet er endra slik at ein klage skal rettast til næraste overordna forvaltningsnivå når klagen gjeld statsorgan. Andre punktum er endra slik at Fylkesmannen no er klageinstans for dei sakene som gjeld manglande bruk eller feilbruk av dei stadnamna som er vedtekne av kommunane.

Tredje ledd tredje punktum er vidareføring av gjeldande rett.

Fjerde og femte ledd er vidareført uendra, men berre med ei oppdatert tilvising til §§ 8 og 9 i lova.

Til § 13 Stadnamntenesta

Føresegna fører vidare reguleringstemaet i gjeldande § 11 *Stadnamnkonsulentar*.

Tittelen på paragrafen er endra. Gjeldande ordning med departementsoppnemnde namnekonsulentar, jf. § 11 første ledd første punktum, og konsulentsekretærar, tilsette i Språkrådet, blir slått saman til ei stadnamnteneste, organisert i Språkrådet.

Første ledd er nytt og slår fast at Språkrådet er stadnamnteneste for norske og kvenske stadnamn. Sametinget er stadnamnteneste for samiske stadnamn.

Andre ledd heimlar arbeidsoppgåvene til tenesta. Ho skal gi rettleiing og tilråding om dei avgjerdene som er omfatta av lova, nemleg val av namn og vedtak om skrivemåte.

Tenesta kan uttale seg om bruk av stadnamn, jf. reglane i § 11. Slik uttale kan tenesta gi på eige initiativ eller i tilfelle der Fylkesmannen ønskjer fråsegn i klagesaker.

Til § 14 Stadnamnregister

Denne paragrafen er flytta frå tidlegare § 12. Paragrafen er, utover å ha fått nytt nummer, vidareført uendra.

Til § 15 Forskrift og unntak

Denne paragrafen er flytta frå tidlegare § 13. Paragrafen er, utover å ha fått nytt nummer, vidareført uendra.

Til § 16 Iverksetjing

Denne paragrafen er flytta frå tidlegare § 14.

Det går fram av *første ledd* at lova tek til å gjelde 1. juli 2019.

Andre ledd vidarefører innhaldet i tidlegare § 14 andre ledd.

Kulturdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i stadnamnlova (organisering av stadnamntenesta m.m.).

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t a r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak til lov om endringar i stadnamnlova (organisering av stadnamntenesta m.m.) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringar i stadnamnlova (organisering av stadnamntenesta m.m.)

I

I lov 18. mai 1990 nr. 11 om stadnamn blir det gjort følgjande endringar:

§ 1 andre ledd skal lyde:

Lova skal sikre omsynet til *norske*, samiske og kvenske stadnamn i samsvar med nasjonalt lovverk og internasjonale avtalar og konvensjonar.

§ 2 første ledd bokstav a skal lyde:

a) stadnamn: namn på terrengformasjonar som fjell og vatn, kulturformasjonar som gardsområde, gardsbruk, vegar og bruer, administrative område som kommunar og sokn, *reinbeitedistrikt*, institusjonar og adresser

§ 3 andre ledd skal lyde:

Eit nedervd stadnamn kan berre bytast ut med eit anna namn *som er på same språk*, og som har tradisjon som namn på det same namneobjektet. Unntak kan gjerast dersom særlege grunnar talar for det.

§ 4 skal lyde:

§ 4 *Reglar om skrivemåten*

Dersom ikkje anna er fastsett i denne lova, skal det ved fastsetjing av skrivemåten av stadnamn takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk, samisk og *kvensk*. Skogfinske stadnamn på Austlandet følgjer norske rettskrivingsprinsipp.

Har skrivemåten vore lenge i bruk, og er vel kjend og innarbeidd, kan ein fråvike gjeldande rettskriving og rettskrivingsprinsipp.

Når det same namnet er brukt om ulike namneobjekt på den same staden, skal den skrivemåten som er brukt for det namneobjektet namnet opphavleg vart brukt om, som hovudregel vere retningsgivande for skrivemåten for dei andre namneobjekta. Dette gjeld ikkje i dei tilfella der det opphavlege namnet på namneobjektet er

eit bruksnamn med ein skrivemåte som er fastsett av grunneigaren.

To eller fleire skriftformer av same namn på det same namneobjektet kan fastsetjast som sidestilte, dersom eitt eller fleire av desse vilkåra er oppfylte:

- a) det finst fleire uttalevariantar av namnet fordi lokaliteten har stor geografisk utbreiing, eller ligg i eit dialektalt eller administrativt grensområde
- b) to eller fleire skriftformer av namnet er vel innarbeidde
- c) det er sterk lokal interesse for to eller fleire av formene

§ 5 skal lyde:

§ 5 *Særskilde reglar om gardsnamn og bruksnamn*

Skrivemåten av gardsnamn og bruksnamn som språkleg og geografisk fell saman med nedervde stadnamn, eller med andre stadnamn som etter reglane i denne lova eller i andre lover og forskrifter skal brukast av det offentlege, skal fastsetjast etter reglane i §§ 4 til 8.

Vedtak om skrivemåten av gardsnamn skal som hovudregel vere retningsgivande for skrivemåten av bruksnamn som er identisk med gardsnamnet. *Det same gjeld* der gardsnamnet går inn som ein del av bruksnamnet.

I saker om skrivemåten av nedervde bruksnamn har eigaren rett til å fastsetje skrivemåten dersom han kan dokumentere at den ønskete skrivemåten har vore i offentleg bruk som bruksnamn.

Eigaren eller festaren kan, med dei avgrensingane som følgjer av § 3, sjølv velje namn og fastsetje skrivemåten av namnet på eit nyoppretta bruk eller eit bruk som ikkje har eit nedervd namn.

§ 6 skal lyde:

§ 6 *Igangsetjing av stadnamnsak*

Saker om skrivemåten av stadnamn kan takast opp av

- a) eit offentleg organ og andre som er nemnde i § 1 tredje ledd

- b) eigaren eller festaren i saker som gjeld namn på eige gardsbruk eller eigedom
- c) ein lokal organisasjon med særleg tilknytning til eit stadnamn
- d) *stadnamntenesta*

§ 7 skal lyde:

§ 7 *Avgjerder*

Kommunen *vel namn på* og vedtek skrivemåten på tettstader, grender, kommunale gater, vegar, torg, bydelar, bustadfelt, kommunale anlegg o.l. og vedtek skrivemåten av offisielle adresser.

Fylkeskommunen *vel namn på* og vedtek skrivemåten av namn på fylkeskommunale anlegg o.l.

Statlege organ vel namn på statlege anlegg. Eit reinbeitedistrikt vel namnet på distriktet. Statens kartverk vedtek skrivemåten av gardsnamn, bruksnamn, seternamn, naturnamn, *namn på reinbeitedistrikt*, namn på statlege anlegg o.l. dersom ikkje anna er fastsett i lov eller forskrift.

Det kan gjerast samlevedtak for skriftforma av eit namneledd innanfor det same administrative området.

Er det tvil om kven som etter desse reglane skal fastsetje skrivemåten av eit stadnamn, kan spørsmålet leggjast fram for departementet til avgjerd.

Ei namnesak må reisast samtidig for parallellnamn på norsk, samisk og kvensk.

Med mindre anna er fastsett i lov eller i medhald av lov, gjeld reglane i forvaltningsloven kapittel IV, V og VIII ikkje for saker etter lova her.

§ 8 skal lyde:

§ 8 *Kunngjering og høyring*

Når ei namnesak er teken opp med vedtaksorganet, skal saka gjerast kjend for dei som har rett til å uttale seg. *Kommunane har ansvar for å kunngjere at det er reist namnesak.*

I saker om skrivemåten av nedervde bruksnamn, der eigaren har rett til å fastsetje skrivemåten, jf. § 5 tredje ledd, kan skrivemåten vedtakast utan høyring.

Eigaren eller festaren har rett til å uttale seg i saker som gjeld skrivemåten av bruksnamn. Eigaren eller festaren har òg rett til å uttale seg i saker som gjeld gardsnamn, når skrivemåten av gardsnamnet skal vere retningsgivande for skrivemåten av bruksnamnet.

Kommunane har rett til å uttale seg når vedtaket skal gjerast av andre organ enn kommunen sjølv. Fylkeskommunane har rett til å uttale seg i saker som gjeld område som femner om meir enn

ein kommune. Lokale organisasjonar har rett til å uttale seg i saker som gjeld stadnamn organisasjonen har ei særleg tilknytning til.

§ 9 skal lyde:

§ 9 *Tilråding*

Før det blir gjort vedtak om skrivemåten, skal stadnamntenesta gi tilråding om skrivemåte, *namneskikk og namnsetjing.*

Grunneigaren kan be om å få ei tilråding frå stadnamntenesta i saker som gjeld namn på eige gardsbruk eller eigedom.

§ 10 skal lyde:

§ 10 *Gjenopning*

Ei sak kan bli gjenopna av dei som er nemnde i § 6 bokstav a til d, dersom det kjem til nye opplysningar. Nytt vedtak skal gjerast etter reglane i denne lova.

Noverande § 9 blir § 11.

§ 12 skal lyde:

§ 12 *Klage*

Vedtaket etter denne lova kan påklagast av dei som etter § 6 første ledd bokstav a til c har rett til å ta opp saker om skrivemåten av stadnamn. Tilsvarende gjeld for vedtak om namnsetjing etter anna lov, dersom vedtaket er i strid med § 3 i lova her. Offentlege organ har berre klagerett i saker som gjeld namn dei skal bruke i tenesta. Klageretten gjeld også vedtak gjorde av kommunar og fylkeskommunar. Ei klage skal grunnigvast. *Vedtaket gjorde av eit departement i medhald av delegert mynde, eller av Kongen, kan ikkje påklagast.*

Klager på andre vedtak enn dei som er gjorde av eit departement, skal behandlast av ei klagenemnd oppnemnd av Kongen. I klagesaker av prinsipiell karakter kan klagenemnda gi Språkrådet, Sametinget og departementet høve til å uttale seg.

Feilbruk og manglande bruk av stadnamn etter § 11 kan påklagast til *det organet som er nærast overordna det organet som klagen gjeld. Fylkesmannen er klageinstans når klagen gjeld kommunale eller fylkeskommunale organ.* Manglande vedtak kan påklagast til klagenemnda.

Eit departement som gjer vedtak om skrivemåte, har plikt til å ta saka opp til ny avgjerd etter klage. Departementet skal i slike saker innhente tilråding frå klagenemnda.

For førebuinga av ei klagesak gjeld saksbehandlingsreglane i §§ 8 og 9 tilsvarende. Elles gjeld reglane i forvaltningsloven kapittel VI.

§ 13 skal lyde:

§ 13 *Stadnamntenesta*

Språkrådet er stadnamnteneste for norske og kvenske stadnamn. Sametinget er stadnamnteneste for samiske stadnamn.

Stadnamntenesta skal gi rettleiing og tilråding om skrivemåten av stadnamn, namneskikk og namnsetjing. Tenesta kan òg uttale seg om bruk av stadnamn.

Noverande §§ 12 til 14 blir § 14 og nye §§ 15 og 16.

II

Lova gjeld frå 1. juli 2019.
